



Innhold

Del I: Styrets årsmelding	4
Del II: Introduksjon til verksemda og hovudtal	6
Del III: Aktivitetar og resultat 2018	10
Sektormål 1 – Høg kvalitet i utdanning og forskning	10
Sektormål 2 – Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling	13
Sektormål 3 – God tilgang til utdanning	15
Sektormål 4 – Effektiv, mangfaldig og solid høgere utdanningssektor og forskingsystem	16
Utviklingsavtalen mellom KD og HVO	18
Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa	20
Bruk av ekstra løyvingar	20
Del IV: Styring og kontroll i verksemda	23
Del V: Vurdering av framtidssikter	26
Planar for 2019	27
Større byggeprosjekt	33
Budsjettrammer 2018	33
Del VI: Årsrekneskap 2018	30
Vedlegg: Rapportering av status og aktivitet likestilling og mangfald	60

Volda is the place
you'll never forget

Høgskulen i Volda


Postboks 500
6101 Volda
Telefon: 70 07 50 00
potmottak@hivolda.no

hivolda.no
facebook.no/hivolda
@hivolda (Instagram og Twitter)

Trykk
Printing As

Framsidedfoto:
Sondre Stensbøl

Foto:
Marius Beck Dahle, Kyrre Buxrud



Del I: Styrets årsmelding

Høgskulestyret hadde i 2018 åtte styremøte. Eitt av dei vart gjennomført som telefonmøte. Strukturprosessen, grunnskulelærerutdanningane, nytt mediehus og arbeidet med studie-kvalitet har vore oppe som sak eller til orientering på alle møta.

Utdanning

Høgskulen i Volda har eit godt studietilbod som møter både regionale og nasjonale behov for livslang læring. Tilboda gjev tenleg tilgang på grunn- og vidareutdanning gjennom kombinasjonar av undervisning på høgskulen og over Internett. Dei fleste vidareutdanningstilboda er retta mot grunnskulelærarar.

Høgskulen hadde ein nedgang i resultatata i Studiebarometeret for 2017. I 2018 har vi arbeidd aktivt med forbetring: Kvalitetssystemet er revidert, og det har vore særleg fokus på studentinvolvering, informasjon til studentane, tydeleggjering av studieprogramleiarrolla og studentane sine roller som tillitsvalde.

I bachelorgradene gjennomførte 62 % av kandidatane på normert tid i 2018. I masterstudia var det 27 %. Arbeidet er i gang med å få etablert erfaringsbaserte mastergrader og ei ny mastergrad i barnehagelærerutdanning.

Høgskulen i Volda har framleis stor internasjonal utveksling av studentar. Avdeling for mediefag står for ein stor del av utvekslinga, og det er potensiale for å auke mengda av utreisande frå andre studieretningar. I masterutdanningane for grunnskulelærarar er det lagt godt til rette for utveksling, så vi reknar med snarleg auke der.

FoU

Høgskulen i Volda er mellom dei i sektoren som har lågast inntekt per fagtilsett gjennom bidrags- og oppdragsaktivitet. Høgskulen har ikkje lukkast med å auke aktiviteten i særleg grad i 2018. Styret vil framleis ha stor merksemd på dette, og vi forventar at tiltaka som er sette i verk vil betre resultatet.

Nye tiltak for å auke mengda av publiseringspoeng og søknader til nasjonale og internasjonale finansieringskjelder er innførte. Vi har etablert fleire forskingsgrupper og vedteke rammer for desse gruppene som mellom anna femner om mentorordningar. Forskingsgruppene vert prioriterte i tildeling av FoU-midlar. Ny forskningssjef i full stilling har auka kapasiteten til prosjektutvikling, kursing og søknadsarbeid. Vi har også gjort ei endring i den interne budsjettfordelingsmodellen for å auke den vitskaplege publiseringa. Styret er ikkje nøgd med resultatata for 2018 og vil følgje nøyte med effekten av dei nye tiltaka.

Organisasjonsutvikling og effektivisering

Dei tilsette ved høgskulen utførte i 2018 om lag 339 årsverk. Det er tretten meir enn i 2017. Veksten er på faglege stillingar. Dei samla driftsinntektene var i 2018 kr 398 million mot 388 i 2017. Ordinært driftsresultat var på 11,5 mill. Dei samla avsetningane er i 2018 på 87 mill.

Frå nyttår 2018 er Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa overført frå Utdanningsdirektoratet til Høgskulen i Volda. Vi rapporterer kort om dette mot slutten av del III nedanfor. Høgskulestyret vedtok i 2018 at HVO held fram med noverande avdelingsstruktur.

Avsetningane vart større også i 2018. For å sikre betre samanheng mellom tildeling, budsjett og bruk har styret vedteke restriksjonar på overføring av avsetningar frå år til år. Samstundes er det sett tak for kor høge avsetningane kan vere på einingane ved HVO. Vi ser store investeringsbehov i dei næraste åra. Det gjeld ikkje minst i samband med nytt mediehus og påfølgjande ombygging av undervisningslokale i eldre bygningsmasse.

Tilhøve som har verka inn på resultatata

Alle tilsette og studentar har dei siste åra arbeidd mykje med å ta i bruk nye IT-system. Digitalisering er naudsynt og nyttig, men på somme område tek det tid før gevinsten syner seg i auka effektivitet. Arbeidet med nytt mediehus og campusutvikling generelt har kravd stor innsats frå mange tilsette.

Det har vore arbeidd ein god del med intern organisering i 2018. Det gjeld både gjennomgang av struktur i fellesadministrasjonen, evaluering av avdelingsstrukturen og samling av fleire mediefag i ei avdeling. Avdeling for mediefag innførte instituttstruktur i 2018.

Høgskulen har dei fire siste åra hatt rundt fire tusen studentar, og det er ikkje eit mål å få endå fleire. Budsjettet har ikkje vorte styrka i form av nye studieplassar siste åra. Det har vorte tilsett fleire høgskulelektorar og nokre høgskulelærarar. Desse stillingsgruppene har lite FoU-tid, og dei er med på å drage ned gjennomsnittet for vitenskapleg publisering.

Utsikter og prioriteringar for 2019

Arbeidet med å styrke studiekvaliteten held fram. Det nye kvalitetssystemet skal føre til betring ved at det vert kjent og teke i bruk. Vi meiner at høg svarprosent over fleire år, og mykje merksemd rundt resultatene i Studiebarometeret, fremjar utviklinga av ein medviten kvalitetskultur. Arbeid med pedagogisk basiskompetanse og meriteringssystem for god undervisning engasjerer store delar av organisasjonen, og retningslinjer skal vedtakast for begge områda i 2019.

Innsats for å styrke forskingsaktiviteten og auke den vitenskaplege publiseringa held fram. Ei sentral oppgåve er å støtte og vidareutvikle dei rundt 30 forskingsgruppene som har vorte formaliserte.

Vi ser at mange toppkompetente kjem til å pensjonere seg i nær framtid. I fleire år er det arbeidd med rekruttering og intern kompetansebygging, og dette vert høgt prioritert også i 2019. Utviklinga er positiv på den måten at talet på dosentar og professorar har auka frå år til år. Framhaldande rekruttering og kompetanseheving er ein sentral del av utviklingsavtalen med departementet.

Styret er oppteke av korleis høgskulen profilerer seg med tanke på framtidig plassering i det nasjonale UH-landskapet. Vi arbeider for ein fornya samarbeidsavtale med Universitetet i Bergen og vil generelt halde fram med ein aktiv strategi til nærliggande institusjonar både i strukturspørsmålet og i faglege samarbeid.

Arbeidet med nytt mediehus krev tid og ressursar, men det gjev også energi til organisasjonen. Det er nyleg skrive kontrakt med hovudentreprenør, og vi vonar på godkjenning frå regjeringa våren 2019.

I nært samarbeid med Statsbygg lagar vi ein ny campusutviklingsplan i 2019–2020. Planen vil ta føre seg betre og meir tidhøveleg utnytting av areala i dei husa høgskulen alt disponerer. Samstundes vil vi sjå høgskuleområdet i ein vidare samanheng som mellom anna gjeld infrastruktur, transport og miljøomsyn.

Volda, 7. mars 2019, Høgskulen i Volda ved styret




Johann Roppen




Jens Standal Groven



Tor-Johan Ekeland



Janne Heggvoll



Kjell-Einar Dagfinrud



Tormod Malvin Sæther



Sara Breivik Bergland



for **Nils Peter Skeide**



Inger Østensjø



Terje Heggem



for **Kristin Marie Sørheim**

Del II: Introduksjon til verksemda og hovudtal

Høgskulen i Volda er høgskulen for human- og samfunns- vitskapane i Møre og Romsdal. Vi gjev fag- og profesjons- utdanningar på bachelor-, master- og ph.d.-nivå for skule og barnehage, velferd, media og kultur.

Visjonen for HVO er Kunnskap for framtida

Strategiplanen for 2017-2020 seier at HVO skal:

- tilby solide masterutdanningar for grunnskulelærarar og vere hovudleverandør av lærarar til regionen
- vere den leiande yrkesretta medieutdanninga i Noreg
- i samarbeid med mellom andre Universitetet i Bergen og Nynorsk kultursentrum ta eit særleg ansvar for forskning på nynorsk språk og litteratur og sikre nynorsk som fagspråk
- vere i front når det gjeld å utvikle fleksible utdanningstilbod av høg kvalitet
- vidareutvikle studietilbodet på ph.d.-nivå i helse- og sosialfag saman med Høgskolen i Molde og satse på tverrfagleg helse- fremjande kompetanse

Forskning og utvikling (FoU)

HVO har som mål å drive forskning og utviklingsarbeid med høg kvalitet på ein slik måte at det gjev utdanningstilboda eit solid fagleg grunnlag. Høgskulen har 239 faglege årsverk. Over halvparten har førstekompetanse, og den delen har auka siste åra.

Dei strategiske satsingsområda for FoU er nye grunnskulelærer- utdanningar (MAGLU), ny engelskspråkleg masterutdanning i mediefag og ph.d.-utdanninga.

Studietilboda

HVO har 18 bachelorprogram, fleire lærarutdanningsprogram, ei rekkje årsstudium og vidareutdanningar på heiltid, deltid og nett. Vi har desse mastergradane:

- Grunnskulelærerutdanning for 1.–7. trinn (masterfor- djuping i faga norsk, matematikk og spesialpedagogikk)

- Grunnskulelærerutdanning for 5–10. trinn (masterfordjuping i faga norsk, engelsk, matematikk, samfunnsfag og spesialpedagogikk)
- Kulturmøte
- Helse og Sosialfag - Meistring og myndiggjering
- Nynorsk skriftkultur
- Samfunnsplanlegging og leiing
- Undervisning og læring
- Master in Media Practices

I tillegg har vi doktorgradsutdanning i helse og sosialfag som ein fellesgrad saman med Høgskolen i Molde.

Fleksible studieformer


Med om lag 1.000 nettstudentar er HVO ein stor tilbydar av distanseovergripandestudium. Høgskulenarbeiderkontinuerleg med å legge til rette for livslang læring med høg fagleg kvalitet og stor fleksibilitet i organisering og gjennomføring. Fleksible studieformer gjer det mogleg å kombinere studium og arbeid, eller studium og andre aktivitetar.

Internasjonalisering

HVO har eit aktivt internasjonalt engasjement og er mellom dei beste i Noreg på internasjonal studentutveksling. Høgskulen har omlag 120 utvekslingsavtalar med utdanningsinstitusjonar i over 40 land. Studentar på bachelor- og masterstudia har høve til å ta eit semester i utlandet. Ved mange av studia er det også mogleg å gjennomføre praksis utanfor Noreg. HVO tek kvart år imot om lag 200 studentar frå heile verda.



Organisering



i

Høgskulestyret er det øvste organet ved institusjonen. Styret har følgjande elleve medlemmer: Rektor, prorektor, to medlemmer valde mellom tilsette i undervisnings og forskarstilling, eitt medlem valt mellom dei teknisk og administrativt tilsette, to medlemmer valde mellom studentane og fire eksterne medlemmer utpeika av Kunnskapsdepartementet. Høgskulen i Volda har vald rektor, og rektor er då også styreleiar.

Høgskulen i Volda var fram til 31.12.2017 vertsinstitusjon for Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa. Frå 1.1.2018 er senteret ein del av Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning ved høgskulen.

Hovudtal

	2015	2016	2017	2018
Årsverk tilsette	306	320	326	339
Årsverk i faglege stillingar	202	214	219	239
Studentar	3 998	3 848	4 184	4 096
Studiepoengproduksjon (heiltidsekvivalentar)	2 535	2 542	2 613	2 654
Doktorgradsdisputasar	5	5	2	5
Driftsinntekter i alt (mill. kroner)	353	363	388	398
Løyving frå Kunnskapsdepartementet (mill. kroner)	319	325	351	359

Fleire nøkkeltal finn ein i NSDs Database for statistikk om høgare utdanning: <https://dbh.nsd.uib.no/>

Del III: Aktivitetar og resultat 2018

I det følgjande vert resultat og måloppnåing for dei nasjonale styringsparametra kommenterte under kvart sektormål. Til slutt i kapitlet rapporterer vi på utviklingsavtalen med KD, Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa som har vorte integrert i høgskulen, og på ekstra løyvingar over statsbudsjettet.

Sektormål 1 – Høg kvalitet i utdanning og forskning Nasjonale styringsparametrar

- Del bachelorkandidatar som gjennomfører på normert tid
- Del masterkandidatar som gjennomfører på normert tid
- Del ph.d kandidatar som gjennomfører innan seks år
- Skår på korleis studentane oppfattar studiekvaliteten
- Fagleg tidsbruk (timar) per veke for heiltidsstudentar
- Tal publikasjonspoeng per fagleg årsverk
- Verdien av Horisont 2020-kontraktar per FoU-årsverk
- Del utreisande utvekslingstudentar på Erasmus+ av totaltalet på studentar

Verksemdmål 1.1: HVO skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbyte og gjennomstrøyming

Styringsparametrar

- Skår på korleis studentane oppfattar studiekvaliteten
- Fagleg tidsbruk (timar) per veke for heiltidsstudentar
- Del bachelorkandidatar som gjennomfører på normert tid
- Del masterkandidatar som gjennomfører på normert tid
- Tal primærsøkjjarar i Samordna opptak
- Tal primærsøkjjarar per studieplass

Vurdering av resultat og måloppnåing

Høgskulen i Volda har hatt ein auke i søkjartalet gjennom Samordna opptak og i talet på primærsøkjjarar per studieplass, og for andre året på rad fekk vi over 4000 studentar. Det er eit mål for høgskulen å få fleire søkjjarar per studieplass, men ikkje å auke det samla talet på studentar.

Samordna opptak viste ein oppgang i primærsøkjjarar på 7,1 prosent. Fleire av dei store profesjonsutdanningane hadde auke i talet på førsteprioritetsøkjjarar: Barnehagelærarutdanning heil- og deltid, grunnskulelærarutdanningane, sosionom og Praktisk pedagogisk utdanning. Barnevernspedagogutdanninga og kulturfaga (med unnatak av fleire årsstudium) hadde nedgang i talet på primærsøkjjarar. Mediefaga hadde ein auke på bachelor i mediedesign, medieproduksjon og i journalistikk tv/radio, medan søknaden på dei andre tilboda var tilnærma uendra.

Høgskulen arbeider målretta med studentrekruttering. Av tiltak kan nemnast auka nærvær i sosiale media med mellom anna fleire korte filmar om tidlegare Volda-studentar så vel som fram møte på utdanningsmesser og skular både nasjonalt og regionalt. Også i 2018 var det særskilt fokus på rekruttering til MAGLU. Søknaden til MAGLU 1-7 auka med om lag 16 % nasjonalt, og ved HVO var auken på 17 %. For MAGLU 5-10 auka søkinga med 13 % nasjonalt, og vi hadde ein gledeleg oppgang på 28 %. Frammøtet til MAGLU 1-7 auka med 20 % (frå 25 til 30) og med 44 % for MAGLU 5-10 (frå 45 til 64). Vi er nøgde med opptaket, men vi ønskjer fleire søkjjarar for å nå måltala for kandidatproduksjon.

Nesten alle masterutdanningane ved HVO har kontinuerleg opptak. Dei som søker får altså opptak etter kvart så lenge der er plass. Dette gjer det utfordrande å ha oversyn på søkjartala, og i statistikkane bruker vi i staden talet på dei som møter opp til studiestart.

Den engelskspråklege «Master in Media Practices» hadde eit svært godt førsteopptak. I 2018 var det ein nedgang i talet på studentar frå 27 i 2017 til 23. For framtida må rekrutteringsinnsatsen mot utlandet starte tidlegare enn han gjorde i 2018. I masterutdanningane ved AHL og ASH auka talet på studentar med 26 % i 2018.

Alle avdelingane arbeider systematisk med studiekvaliteten, og Studiebarometeret vert aktivt nytta som verktøy. Studiekvalitetsrapporten for 2017–2018 syner at kvaliteten vert oppfatta som jamt over god, og at studentane stort sett er nøgde. Studieåret 2016–2017 fekk HVO dårleg resultat med generell tilfredsheit på 3,7 i Studiebarometeret. I 2018 har vi gått opp til 3,9. Leiinga held fram arbeidet med å identifisere årsaker til at Volda-studentane er mindre nøgde enn gjennomsnittet i sektoren.

Ifølgje Studiebarometeret bruker Volda-studentane mindre tid på studia enn gjennomsnittet for sektoren. Samstundes ser vi at det er stor variasjon både mellom institusjonar og utdanningar så vel som internt mellom utdanningane våre når det gjeld rapportert tidsbruk. Profesjonsutdanningane i Volda skårar ganske likt med tilsvarende studietilbod ved andre høgskular og universitet. Ved HVO arbeider vi vidare med å legge dei fysiske forholda betre til rette for læringsarbeidet. På seinhausten 2018 starta vi med meirope bibliotek. I det nye campusutviklingsprosjektet vert undervisningslokale og arbeidsplassar for studentane viktige tema.

Barometeret syner at studentane er betre nøgde i 2018 enn i 2017 med høvet til å påverke innhald og opplegg i studieprogramma. Men enno ligg vi litt under det nasjonale snittet - som heller ikkje er særleg høgt. Vi ser alvorleg på at studentane seier seg lite nøgde med korleis innspela deira vert følgde opp. Tillitsvald-

apparatet og kvalitetsutvala må prioriterast høgare av alle partar for å betre dette.

Andre funn frå analysen viser at studentane ikkje er nøgde med undervisningslokala. Det vert klaga på dårlege forhold både i Ivar Aasen- og Hans Strøm-huset. Nytt mediehus og oppgradering av Hans Strøm med nytt ventilasjonsanlegg og nye undervisningsrom vil bøte på dette, men dei prosjekta vert ikkje fullførte før om eit par år.

Fleire av studia ved HVO merkar seg positivt ut i Studiebarometeret. Vi kan glede oss over særleg gode resultat ved Avdeling for kulturfag, i journalistikk, medieproduksjon, historie og for mastergradane. Radio- og TV-journalistikk får høgast skår av journalistikk-programma i heile landet.

HVO hadde ein oppgang i fullføring på normert tid i bachelorgradane frå 55 % i 2017 til 62 % i 2018. Det er best i landet. Gjennomsnittet i sektoren er 48 %. Ved profesjonsutdanningar som til dømes sosionom, barnevernspedagog, journalist og barnehagelærer er det god og til dels særleg god fullføring på normert tid. Fleire av bachelorgradane som skårar dårleg har mykje valfridom. Nokre av desse har alt utvikla ny programdesign som skal gje betre oppfølging og kontinuitet.

Dette året hadde høgskulen også ein oppgang i fullføring på normert tid på master frå 15 til 27 %. Alle masterprogramma våre vert gjevne som heil- og deltidstudium. Jamt over er det flest studentar på deltid. Mange kjem i mål, men det er krevjande å gjennomføre eit masterstudium attåt lønsarbeid og familieforpliktingar. Ein god del av studentane er arbeidstakarar som på eiga fritid og eige initiativ hevar kompetansen sin. Å møte dette behovet er eit viktig oppdrag for HVO.

Sjølv om veik gjennomføringsgrad har sine forklaringar, slår vi oss ikkje til ro med situasjonen. Høgskulen har laga ein handlingsplan for å auke gjennomstrøyminga på normert tid og for å hjelpe fleire til å fullføre sjølv om dei vert forseinka. Planen inneber betre informasjon om krava i mastergraden, tettare oppfølging av studentar mellom samlingane, oppfølging av dei som ikkje møter til undervisning, utdannings- og statusamtalar og eigne kontraktar for rettleiing på masteroppgåva. Vi har alt sett betra resultat i studieprogram der dei har gjennomført desse tiltaka.

Verksemdmål 1.2: HVO skal auke FOU-produksjonen Styringsparametrar

- Tal nasjonale publiseringspoeng per fagleg årsverk
- HVO skal auke talet søknader til nasjonale og internasjonale finansieringskjelder

Vurdering av resultat og måloppnåing

Talet på publiseringspoeng har gått ned sidan toppåret 2015 då

det vart notert 0,58 poeng per fagtilsett. Førebelse tal for 2018 tyder på at vi er nede i ca 0,4 poeng, og det indikerer at forskings- og publiseringsaktiviteten ikkje er god nok. Ei av årsakene til at vi ikkje klarer å levere betre resultat er at Høgskulen i Volda har ein større del tilsette utan førstekompetanse og forskingserfaring. Frå 2017 til 2018 har vi hatt ein liten tilbakegang i delen av førstekompetente (sjå verksemdmål 4.2).

To andre faktorar som gjer at Høgskulen i Volda får mindre uttelling for dei vitskapelege publikasjonane gjeld internasjonalisering. Det vert skriva få artiklar på engelsk, og dei fleste tidsskrift på nivå 2 er internasjonale. Ved HVO vert det skriva få artiklar i samarbeid med forskarar i andre land, og internasjonalt medforfatterskap gjev høgare uttelling.

For å auke den vitskapelege publiseringa er det sett i gang fleire tiltak i 2018. Det har vore halde to skriveverkstader med fem seminar kvar for å gje innføring i korleis ein skriv ein vitskapeleg artikkel. Til saman 14 fagtilsette tok del i desse verkstadene. Vidare er det gjort vedtak om å overføre 2,3 millionar kroner frå potten som har gått til premiering av interne FoU-poeng til tiltak som kan auke den vitskapelege publiseringa: 1) Fem ekstra FoU-stipend á kr. 200 000 der stipendhaldarane vert frikjøpte frå undervisning i eitt semester, 2) 1,3 millionar kroner har vorte fordelte på 27 forskingsgrupper med føremål å styrke faglege aktivitetar, stimulere til internasjonalt forskingssamarbeid og utarbeide søknader om eksterne forskingsmidlar. Desse endringane vert implementerte frå 2019.

Dei eksterne forskingsinntektene frå Forskringsrådet har ikkje auka vesentleg. Det vart sendt søknader til NFR i 2018, men ingen av dei fekk tilslag. Dei vert no forbeta for ny innsending i 2020. Vi har enno ikkje hatt noko resultat på styringsparameteren «Verdien av Horisont 2020-kontraktar», men i 2019 kjem den første søknaden med prosjektleiar frå HVO til eit slikt program. Vi har fått andre forskingsmidlar frå EU, men dei har hatt nedgang siste åra.

Dei viktigaste grepa for å auke dei eksterne forskingsinntektene er å styre interne ressursar inn mot forskingsgrupper og stille krav om at midlane skal ha såkornpotensiale. Frå 1. august 2018 er Forskringsadministrasjonen skild ut som eiga eining under ein forskingssjef som har mobilisering av forskingsprosjekt som ei av dei viktigaste oppgåvene. Frå 2019 gjev forskingsadministrasjonen og økonomikonsulentane på avdelingane meir støtte i søknadsskrivinga, og alle søknader vert evaluerte fagleg og administrativt før innsending.

Framtidsutsiktene for forskning ved Høgskulen i Volda er ikkje dårlege, men det tek tid å bygge opp kompetansen i organisasjonen. Både vitskapelege publiseringspoeng og eksterne forskingsinntekter bør auke etter kvart som forskingsgruppene utviklar seg.

Høgskulen i Volda etablerte eit ph.d.-program i helse- og sosialfag saman med Høgskolen i Molde i 2015. Målet var å ha 20 stipendiatar på fellesgraden i 2020, og i 2018 hadde vi nådd målet med 23 stipendiatar der 11 er tilsette i Volda. Vi har også ph.d.-studentar frå andre institusjonar enn HVO og HiM. Det er etablert eit avhandlingsforum og eit metodeforum som fungerer godt med fleire seminar og andre rettleiingstiltak for stipendiatarne. I tillegg er det oppretta tre forskingsgrupper som er knytte til ph.d.-programmet. Der vert stipendiatarne tett integrerte med meir etablerte forskarar.

Ved utgangen av 2018 var det tilsett i alt 25 stipendiatar ved HVO. I tillegg har vi sju tilsette som arbeider med doktorgrad innanfor ei intern 5-årig stipendordning. I 2018 var det fem disputasar av stipendiatar som er eller har vore tilsette ved HVO. Høgskulen i Volda har gunstige støtteordningar for stipendiatarne. Vi har relativt rause pottar for driftsmidlar, mellom anna fordi mange stipendiatar må reise til andre institusjonar for doktorgradskurs og rettleiing. Vi har i tillegg gode ordningar for utanlandsopphald og støtte til deltaking med presentasjon på internasjonale konferansar.

Namn på forskingsgrupper

A-kandidaten | Animasjon før og no | Demokrati og medverknad | Drug Addiction and Recovery in Tanzania | Forum for høgskulehistorie | Immersive media | Juss | Kultur og helse | Kulturmøter | Litteratur | Livsløpsforskning | Læringsprosessar og vurderingshandlingar | Matematikdidaktikk | Mediedesign | Mediene og det internasjonale samfunn | Medier, profesjoner og samfunn | Metodeforum | Mikrohistorie | NAV-gruppe | Nynorsk skriftkultur | Profesjonsetikk | Profesjonsforskning | Religion og livssyn | Samfunnsfagdidaktikk | Shakespeare network | Skapande læreprosessar i musikk / Creative learning processes in music | Spesialpedagogikk og inkludering | Språk- og språklæring | Språklig og kulturelt mangfold | Tidleg litterasitet | Tverrfagleg samarbeid | Volda medvitsforum

Verksemdmål 1.3: Høgskulen i Volda skal ha eit målretta internasjonalt samarbeid som aukar kvaliteten i utdanningane og FoU-arbeidet

Styringsparametrar

- Del utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totaltalet på studentar
- Tal på utvekslingsstudentar – inn og utreisande
- Tal på engelskspråklege studietilbod
- Kvalitative: Alle studentar skal kunne få ein internasjonal komponent i utdanninga og velje mellom relevante tilbod for praksis- og studieopphald i utlandet

Vurdering av resultat og måloppnåing

HVO hadde ein auke i delen utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ og ligg rett over det nasjonale snittet. Ein tredel av dei utreisande er på bilaterale avtalar utanom Erasmus+. HVO er relativt sett best mellom dei statlege høgskulane, og 23 % av dei uteksaminerte har vore på utveksling. Med dette er vi på 4. plass etter Norges Handelshøgskole, Universitetet i Bergen og Arkitektur- og designhøgskolen.

Alle studieprogram ved HVO skal ha ein naturleg integrert internasjonaliseringskomponent, og det vert jobba med å knyte internasjonaliseringsarbeidet tettare opp mot kvalitetsarbeidet og godkjenninga av studieplanar. Avdelingane kan søkje om midlar til oppretting av nye engelskspråklege emne. Vi har no 46 slike emne. Dei skal vere aktuelle for både lokale og internasjonale studentar, og tanken er at kontakta mellom norske og utanlandske vil gje auka studiekvalitet for begge partar.

HVO har tett samarbeid med partneruniversitet i andre land. Vi vil redusere avtaleporteføljen til ca. 100 universitet og berre føre vidare partnerskap av god kvalitet.

Arbeidet med å mobilisere og støtte søknader på internasjonale program har halde fram. HVO er saman med andre institusjonar blitt medlem av EU-nettverket Horisont 2020 NORDVEST. HVO tek del i SIU-programmet Noted for å auke internasjonaliseringa i lærarutdanningane. Vi ser at det framleis er eit stort potensial for å auke talet på søknader om midlar.

Tabell til sektormål 1		2016	2017	2018	Ambisjon 2018
Del bachelorkandidatar som gjennomfører på normert tid	KD	65 %	55 %	62 %	65 %
Del masterkandidatar som gjennomfører på normert tid	KD	17 %	15 %	27 %	25 %
Skår på korleis studentane oppfatar studiekvaliteten	KD	4,1	3,7	3,9	4,1
Fagleg tidsbruk (timar) per veke blant heiltidsstudentar	KD	29	30	28	35
Tal publikasjonspoeng per fagleg årsverk	KD	0,5	0,5	ca. 0,4*	0,6
Verdien av Horisont 2020-kontraktar per FoU-årsverk	KD	-	-	0	15
Del utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totaltalet på studentar	KD	0,9 %	0,9 %	1,2 %	1,0 %
Tal primær søkerar i samordna opptak	HVO	1162	1 260	1349	1300
Tal kvalifiserte primær søkerar per studieplass	HVO	1,4	1,4	1,5	1,5
Tal utvekslingsstudentar - inn og utreisande	HVO	227	249	233	250

*) Førebels tal

Sektormål 2 – Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling

Nasjonale styringsparametrar

- Bidragsinntekter frå Forskingsrådet per fagleg årsverk
- Andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk
- Del masterkandidatar sysselsette i relevant arbeid eit halvt år etter fullført utdanning

Vurdering av resultat og måloppnåing

Høgskulen har ikkje nådd ønska vekst i BOA-verksemda i 2018, sjølv om inntektene har auka. Dei samla BOA-inntektene for 2018 var på 24,8 mill. kroner, og dette er ein oppgang på 5 % frå 2017. Bidragsinntektene frå Forskingsrådet auka med 12,9 % frå 2017. Sidan vi har fleire fagtilsette i år, har likevel ikkje inntektene frå Forskingsrådet per faglege årsverk auka. Det er ein liten reduksjon i andre BOA-inntekter.

Høgskulen har ei utfordring ved at både BOA-aktivitet og forskingsaktivitet er konsentrert på eit fåtal av dei fagleg tilsette. Andre ser ut til å bruke arbeidstida på undervisning og administrasjon. Vi arbeider med å etablere og vidareutvikle ordningar som gjev fagleg støtte til dei som treng hjelp for å kome i gang med forskning og publisering. Dette vil vere første stega på vegen mot å få eksternt finansierte FoU-prosjekt. Hausten 2018 vart det tilsett ein forskningssjef for å styrke

Forskingsadministrasjonen med særleg vekt på mobilisering og prosjektstøtte til alle avdelingane.

Gjennom forskingsgrupper vil høgskulen syte for at dei mindre erfarne kan få støtte og rettleiing i prosjektarbeid. Det vart oppretta fleire forskingsgrupper ved høgskulen i 2018, og vinteren 2019 har 27 slike grupper fått støtte til aktivitet. AHL og AMF har tilsett prodekanar for forskning, medan AKF har eit FoU-utval på avdelingsnivå og ASH har FoU-utval på enkelte institutt.

Verksemde 2.1: HVO skal ha ei studieportefølje som er relevant for framtidens samfunnsutfordringar

Vurdering av resultat og måloppnåing

På oppdrag frå Høgskulen i Volda laga NIFU i 2018 ei strategisk vurdering av studieporteføljen. NIFU-rapporten kom ikkje med klare tilrådingar om å endre vesentleg på den faglege innretninga.

I regionen som i landet elles vert det rekna med eit stort behov for lærarar dei komande åra. Med eit variert og attraktivt lærarutdanningstilbod har Høgskulen i Volda god kapasitet til å utdanne kandidatar som regionen verkeleg treng. Satsinga på digitalisering av grunnskulelærarutdanningane vil vere med å sikre at nye kandidatar har oppdatert kunnskap på arbeidsområda i framtidens skule. HVO vil i samarbeid med arbeidslivet halde fram med å utvikle ein studieportefølje som er relevant for utfordringar samfunnet møter og vil møte.

Verksemdmål 2.2: HVO skal vere ein attraktiv samarbeidspartnar for utvikling, innovasjon og verdiskaping, med særskilt ansvar for eigen region

Vurdering av resultat og måloppnåing

Høgskulen i Volda har eit breidt samarbeid med regionale aktørar. Særleg er vi nøgde med det tette forholdet vi har til det offentlege. Gjennom ei rekkje fleirårige nasjonale satsingar for etter- og vidareutdanning av lærarar har vi eit nært samarbeid med fylkesmannen, fylkeskommunen, regionråd og kommunar. Rammene for slike samarbeid er i endring, og vi arbeider for at det skal bli endå betre i framtida. Eit anna døme er prosjekt om vidareutdanning av alle lærarar i Ulstein og Volda kommunar i digital kompetanse. Prosjektet var ein forløpar til prosjektet DigiGLU som har finansiering frå Norgesuniversitetet.

Vi ønskjer å styrke samarbeidet med det regionale næringslivet, og det vert arbeidd vidare med å utvikle ein kunnskapspark på høgskuleområdet. I 2018 vart høgskulen medlem av bedriftsnettverket iKuben i Kunnskapsparken i Molde. Det er ein tverrindustriell møteplass for akademia, offentleg verksemd og næringsliv, og Høgskulen i Volda deltek i arbeidsgruppene Kommunikasjon, ONA (Offentleg verksemd, næringsliv og Akademia) og Digitale forretningsmodellar. Vi er frå før partnar i Ålesund Kunnskapspark.

Høgskulen har fleirårige samarbeidsavtalar også på helseområdet. Hausten 2018 arrangerte vi Helse Møre og Romsdals FoU-konferanse ved høgskulen. Vi har samarbeid med kommunar, friskliv-sentrar og helseføretak innanfor feltet helsefremjande arbeid.

Seanse – senter for kunstproduksjon arbeider tett med Kulturavdelinga i Møre og Romsdal fylke, Kulturtanken og Norsk kulturråd, og senteret har for 2019 fått vidareført driftstilskotet frå fylket.

Verksemdmål 2.3: HVO skal delta aktivt i samfunnsdebatten

Styringsparametrar

- Tal interne FoU-poeng (tala for 2018 er ikkje tilgjengelege enno)

Vurdering av resultat og måloppnåing

For å styrke formidlinga ved høgskulen har HVO ei ordning med premiering av intern FoU-produksjon. Produksjonen av interne FoU-poeng har lege på eit jamt nivå dei siste åra. I 2018 vart det løyvd 4,6 mill. kr til føremålet. Det er dobbelt så mykje som vi får i resultatbasert utteljing frå KD for vitskaplege publikasjonar. Sidan vi har utfordringar med å få opp forskingsaktiviteten, vart det i 2018 bestemt at halvparten av midlane som vert brukte til stimulering av interne FoU-poeng heller skal brukast til tiltak som kan auke den vitskaplege publiseringa. Tiltaka som vi satsar på frå 2019 er 1,3 mill. til aktivitet i forskingsgruppene og 1 mill. kroner til fem ekstra FoU-stipend.

Tabell til sektormål 2 Styringsparameter		2016	2017	2018	Ambisjon 2018
Bidraginntekter frå Forskingsrådet per fagleg årsverk	KD	13	11	12	20
Andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk	KD	98	99	94	120
Del masterkandidatar sysselsett i relevant arbeid eit halvt år etter fullført utdanning	KD	-	86 %	-	95 %
Tal på registrerte studentar i emna digital kompetanse i LU (DigiGLU)	-	-	164	226	175
Tal interne FoU-poeng	HVO	6 927	5838	-	8000

Sektormål 3 – God tilgang til utdanning

Nasjonale styringsparametrar

- Kandidattal på helse- og lærarutdanningane

Vurdering av resultat og måloppnåing

Høgskulen uteksaminerte 248 kandidatar på lærarutdanningane i 2018. Det er 49 meir enn måлтаlet. HVO har ein oppgang både på BLU og PPU samanlikna med 2017, og vi ligg godt over måltala på alle utdanningane bortsett frå GLU 1–7. I oversyns-nøkkeltala i Database for statistikk om høgare utdanning (DBH) står det at HVO har uteksaminert 220 kandidatar på lærarutdanningane i 2018. Men då er ikkje Arbeidsplassbasert barnehagelærarutdanning (25 kandidatar), førskulelærarutdanning (2 kandidatar) og faglærarutdanning i formgjeving, kunst og handverk (1 kandidat) rekna med. Alle desse er like fullt med i andre 2018-tabellar i DBH. Så det samla kandidattalet vårt for lærarutdanning er 248.

Verksemdmål 3.1: Høgskulen i Volda skal vere gode på fleksible utdanningstilbod som kan takast uavhengig av tid, stad og livsfase

Styringsparametrar

- Tal på studentar på nett- og desentralisert undervisning

Vurdering av resultat og måloppnåing

HVO nådde ikkje måla i 2018 for tala på studentar på nett- og desentralisert undervisning. Høgskulen har som ambisjon å framleis vere mellom dei beste på fleksible nettstøtta tilbod. For å auke kvaliteten på nettstudia har vi investert i nytt studio for produksjon av undervisningsvideoar, og vi har styrka den pedagogiske kompetansen gjennom utvikling av høgskulepedagogikk-kurs om digital didaktikk for fleire fag. Dei nettbaserte studia vert evaluerte etter eigne rutinar.

Høgskulen har ei støtteining for e-læring. Den ressursen legg vekt på å initiere tiltak for å oppfylle målsetjingar i strategiplanen om utdanningskvalitet og fleksible studium. Vi har hatt pilotmidlar som har gjort det mogleg å stimulere fagmiljøa økonomisk, teknisk og pedagogisk til å prøve ut nye undervisningsformer. Vidare er det arrangert «digital lunsj» der fagtilsette deler erfaringar med ulike digitale læringsformer. I aukande grad har eininga hjulpet fagtilsette til å produsere ulike undervisningsvideoar, og rettleiarar har vorte kursa i bruk av webinarverktøy og videokonferanse. Slik kan tilsette spare mykje både av arbeidstid og reisekostnader.

Største satsinga vår på etter- og vidareutdanning er til offentleg sektor. Vi er aktive med slike tilbod på alle områda der

vi har grunnutdanningar. Døme på samarbeid med regionale og nasjonale aktørar:

- Kompetanse for kvalitet: Hausten 2018 starta vi sju tilbod i denne ordninga for grunnskulelærarar i faga norsk, engelsk, matematikk og naturfag så vel som to tilbod for VGS: Profesjonsfagleg digital kompetanse og Læringsleing for yrkesfaglærarar
- I 2018 starta vi to studium i vidareutdanning for barnehagelærarar: Rettleiarutdanning for praksislærarar i barnehagen og Naturfag og matematikk i barnehagen
- Omfattande deltaking i ulike nasjonale satsingar for kompetanseheving i barnehage og skule: Desentralisert kompetansemodell for grunnskulen, Regional ordning for kompetanseheving i barnehage og Realfagskommunar
- Samarbeid med Nasjonalt senter for IKT i utdanninga, IKT Norge og bransjen i samband med utviklinga av koding i skulen. Vidare samarbeid med Ulstein, Ørsta og Volda kommunar om digital kompetanse for lærarar
- Operative samarbeidsavtalar med Helse Møre og Romsdal og Sjustjerna helse og omsorg
- Nasjonalt vidareutdanningstilbod for tolletaten
- Vidareutdanning på masternivå for BUFDIR, Barnets beste, i samarbeid med HVL

Verksemdmål 3.2: HVO skal i samarbeid med Student-samskipnaden styrke Volda som regional studiestad ved å vidareutvikle eit kompakt høgskuleområde med nærleik mellom studentar, tilsette og arbeidslivet.

HVO har eit nært og godt samarbeid med Studentsamskipnaden i Volda. Av konkrete tiltak kan nemnast at ein frå 2018 slo saman Helsestasjon for ungdom i Volda og Ørsta og Helsestasjon for studentar. Vi har hatt fleire fagdagar ved HVO der tilsette frå helsestasjonen har orientert studentane om tilbodet, og vi ser at fleire studentar bruker helsestasjonen. SiVolda og HVO har elles i fleire år samarbeidd om studentrådgjevar og ei psykologteneste som supplement til det ordinære helsetilbodet i kommunen.

I 2018 gjekk SiVolda og HVO saman om å søkje tilskot for betring av studenthelse, og vi fekk tilslag på 350 000,- i støtte frå Helsedirektoratet. Ei arbeidsgruppe med deltakarar frå Studentparlamentet, SiVolda og HVO arbeider med konkrete tiltak på området. Butilbodet for studentar i Volda vert kraftig forbetra gjennom at samskipnaden bygger 120 nye hyblar som skal stå ferdige i desember 2019.

Tabell til sektormål 3 Styringsparameter		2016	2017	2018	Måltal 2018
Kandidattal på helse- og lærarutdanningane	KD	215	213	248	199
Kandidattal GLU 5-10	KD	20	38	29	29
Kandidattal GLU 1-7	KD	20	25	21	43
Kandidattal BLU	KD	54	62	112	59
Kandidattal PPU	KD	60	77	85	68
Faglærarutdanning i formgiving, kunst og handverk	KD	-	11	1	0
Tal studentar nett- og desentralisert undervisning	HVO	1 019	1 286	1110	1300

Sektormål 4 – Effektiv, mangfaldig og solid høgare utdanningssektor og forskingsystem

Nasjonale styringsparametrar

- Tal studiepoeng per fagleg årsverk
- Del kvinner i dosent- og professorstillingar
- Del mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar

Verksemdmål 4.1: HVO skal ha ein tydeleg profil og vidareutvikle samarbeidet med andre UH-institusjonar

Styringsparametrar

- Samarbeidsavtalar om forskning og utdanning med andre UH-institusjonar
- Samarbeid med forskingsgrupper på andre UH-institusjonar

Vurdering av resultat og måloppnåing

Høgskulen har vidareført samarbeidet med Høgskolen i Molde, Universitetet i Bergen og med UH-Nett-Vest. Forskingsgruppene er under oppbygging og får incentiv som skal stimulere til samarbeid med forskingsgrupper ved andre UH-institusjonar.

Verksemdmål 4.2: HVO skal arbeide for eit høgt kompetansenivå og eit godt arbeidsmiljø

Styringsparametrar

- Del kvinner i dosent- og professorstillingar
- Del mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar

- Tal studiepoeng per fagleg årsverk
- Del førstestillingar av totalt tal undervisnings- og forskingsstillingar
- Del kvinner av tilsette med førstekompetanse
- Gjennomsnittleg sjukefråvær per år

Vurdering av resultat og måloppnåing

I handlingsplanen vår for likestilling og mangfald er eitt av måla at delen av kvinner i toppstillingar skal vere 20 % innan 2020. Målet vart nådd i 2017, og vi ligg no på 22 % etter ein liten nedgang i 2018. Kvinnedelen er forventa å auke i 2019, og vi held fram med å ta omsyn til likestilling ved tildeling av stimuleringsmidlar. I gruppa førsteamanuensar og førstelektorar utgjer kvinnene 47 % av dei tilsette, så der har vi god kjønnsbalanse. Dette skal vere med på å gje tilvekst av nye kvinnelege toppkompetente i åra framover.

For å utvikle første- og toppkompetanse vert det tildelt FoU-stipend og professor-/dosent-stipend som gjev høve til konsentrert arbeid med forskning og publisering. Høgskulen driv også målretta kompetanseheving i høgskulepedagogikk, og vi rekrutterer stipendiatar strategisk. Rekruttering og utvikling av toppkompetanse høyrer elles med i utviklingsavtalen med KD som vi rapporterer på nedanfor.

Det er verdt å merke seg at det er stor variasjon mellom fagområda i kva grad ein må tenkje på ekstra tiltak for å sikre rekruttering og utvikling. Tilgangen på kvalifisert arbeidskraft er nemleg svært ulik frå fag til fag.

HVO har ein auke i delen av mellombels tilsette i undervisnings- og forskingsstillingar, og vi ligg likt med gjennomsnittet for dei statlege institusjonane. Desse stillingane gjeld mellom anna stipendiatar, prosjektstillingar og FoU-/vikarstipend. Der er også ein auke i samband med ekstratildelingar for dei nye grunnskulemasterutdanningane så vel som oppdrag i dei nye kompetanseutviklingsordningane (Dekomp og ReKomp).

Permisjonar knytte til svangerskap og sjukdom medfører at vi treng vikarar som vert mellombels tilsette. Ved utlysingar har HVO opna for faste tilsetjingar der det kan forsvarast ut frå budsjett og personalsituasjonen elles.

Sjukefråværet har gått opp. Ei av årsakene er at fleire tilsette har vore langtidssjukemelde pga alvorleg sjukdom. Alle leiarar fekk tilbod om opplæring i intern rutine for sjukefråværs-oppfølgning, og nye leiarar har fått individuell opplæring. Høgskulen har systematisk oppfølging av arbeidsrelatert sjukefråvær, og vi arbeider aktivt med førebyggjande tiltak i samråd med bedriftshelsenesta.

Verksemdmål 4.3: HVO skal effektivisere drifta

Styringsparametrar

- Driftskostnader per avlagde 60-studiepoengeining
- Tilhøvet mellom tilsette i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar og talet på administrative stillingar

Vurdering av resultat og måloppnåing

Nøkkeltalet driftskostnader per avlagde 60-studiepoengeiningar viser ein auke frå 2017 til 2018. Det er ein planlagd auke. Tilhøvet mellom tilsette i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar og tilsette i administrative stillingar viser ein relativt stor auke i 2018. Det har delvis samanheng med at vi hausten 2018 hadde nokre vakante stillingar mellom administrativt tilsette og ei endring i stillingskategori for tilsette ved Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa. Men det har også vore ein faktisk reduksjon i administrative stillingar i 2018.

Det vart gjennomført ei evaluering av organiseringa i fellesadministrasjonen i 2018, og det vart gjort nokre mindre endringar. Den nye organiseringa er sett i verk frå 1.1.2019. Nokre tilsetjingar vart utsette fram til ny organisering var vedteken.

Ein av seksjonane på Avdeling for Kulturfag (seksjon for media, kommunikasjon og teknologi) vart overført til Avdeling for mediefag frå 1.1.2018. No er alle mediefaga samla der. I tillegg er det innført instituttstruktur på Avdeling for mediefag i 2018. Dette meiner vi vil vere positivt framover både når det gjeld kostnader, kvalitet og kompetansmiljø. Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa vart slått saman med høgskulen frå 1.1.2018. Senteret

høyrer no til Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning.

Det har vore gjennomført fleire digitaliserings- og effektiviseringstiltak i 2018. Nokre av tiltaka er gjorde for å effektivisere prosessane. Andre har som mål å auke kvaliteten og gje meirverdi for studentane. Døme på kva som har vore i arbeid:

- Innført meirope bibliotek
- Innført digital eksamen for alle skriftlege skuleeksamenar og oppgaveinnleveringar som også inkluderer heildigitalisering av karaktersetjing, grunngevingar og klagesaker i det digitale eksamenssystemet
- Nytt system for pensumlister – Leganto – blei rulla ut som pilot hausten 2018. Full utrulling vil kome i 2019
- Innført digitale skjema i staden for papirskjema for å effektivisere sentrale arbeidsprosessar i Studieadministrasjonen
- HVO har revidert kvalitetssystemet og utarbeidd forenkla malar og skjema til rapportering av kvalitetsarbeidet i avdelingane
- I 2018 starta HVO saman med Universitetet i Agder pilotprosjekt for NOA, eit system for registrering av obligatorisk undervisning
- Innført NAV si løysing for digital oppfølging av sjukefråvær
- Digital arbeidsflyt for forskot reiserekningar og reiserekningar frå eksterne
- Digital arbeidsflyt knytt til løn sensorar, gjesteforelesarar m.m.

Vi har ikkje kome så langt som planlagt når det gjeld heilskapleg og systematisk arbeid knytt til intern kontroll og standardisering /dokumentering av rutinar og prosessar; jfr. del IV Styring og kontroll i verksemda.

Høgskulen i Volda har ein relativt stor del studentar på deltid knytt til vidareutdanningstilbod. Dette er i særleg grad retta mot lærarutdanning. Desse utdanningane er oftast nett- og samlingsbaserte, og dei endar sjeldan opp med ei (ny) kandidatgrad. Tilboda er like fullt verdifulle – særleg for arbeidstakarar som bur i Distrikts-Noreg.

For administrasjonen er dette ei studentgruppe som på mange område krev same arbeidsinnsatsen som heiltidsstudentar. Etter omlegginga av Kunnskapsdepartementets finansieringsmodell i 2017 er finansieringa av desse studentane vesentleg svekka då den resultatbaserte uttellinga er redusert med om lag 20 %. Det vert no arbeidd med å få etablert erfaringsbasert master for nokre av desse studentane. I dagens modell er finansiering av vidareutdanningstilboda for dårleg.

Tabell til sektormål 4 Styringsparameter		2016	2017	2018	Ambisjon 2018
Del kvinner i dosent og professorstillingar	KD	19 %	24 %	22 %	26 %
Del mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar	KD	13 %	12 %	17 %	10 %
Driftskostnader per avlagde 60-studiepoengseining (1 000 kr)	HVO	141	142	146	145
Tal på studiepoeng per fagleg årsverk	KD	713	696	641	700
Tilhøvet mellom tilsette i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar og talet på tilsette i administrative stillingar	HVO	2,2	2,2	2,7	2,3
Del tilsette med første- og toppkompetanse av alle i undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar	HVO	52 %	53 %	52 %	55 %
Del kvinner med førstekompetanse	HVO	39 %	41 %	40 %	50 %
Gjennomsnittleg sjukefråvær	HVO	4,4 %	4,7 %	5,75	4,3 %

Utviklingsavtalen mellom KD og HVO

Høgskulen i Volda inngjekk i 2018 ein utviklingsavtale for 2019–2021 med Kunnskapsdepartementet. Vi har opplevd ein konstruktiv prosess kring dette. Avtalen identifiserer fire område som HVO skal gjere ein særleg innsats for i dei komande tre åra. I det følgjande gjer vi greie for status på desse avtaleområda no ved starten av perioden:

1. Lukkast med planen for nye grunnskulelærerutdanningar

Dei første kulla på den nye femårige grunnskulelærerutdanninga tok til hausten 2017, og dei første kandidatane vert uteksaminerte våren 2022. Det skal særleg rapporterast på søking til utdanningane, fråfall etter tre år, utvikling av kompetanse i rettleiarorpset og talet på studentar som tek internasjonal utveksling. Søkinga til GLU har vore positiv for HVO dei siste åra.

Måleparameter:

1. Gjennomføre kompetansehevingsprosjektet DigiGlu (Digitalisering av grunnskulelærerutdanning) i tråd med prosjektplanen: Prosjektet starta i 2018 og går fram til 2020.

2. Utvikle samarbeid med lærerutdanningsskular (partnarskular):

a. Etablere felles møteplassar mellom HVO og partnarskular for utveksling av kunnskap og erfaringar

b. HVO-tilsette driv forskning og utviklingsarbeid i lag med lærerutdanningsskulane. Avtalar med to partnarskular kom på plass i 2018.

3. Styrke det internasjonale perspektivet i grunnskulelærerutdanningane ved HVO:

a. Arrangere internasjonal lærarstudentkonferanse i Volda i 2019

b. Auke talet på grunnskulelærerstudentar som gjennomfører utanlandsopphald

Det er lagt opp til at heile 4. semester (vårsemesteret i 2. studieår), kan takast utanlands. Frå det første kullet er sju studentar ute no våren 2019, og for neste år har alt 13 meldt seg. Dette syner at interessa allereie har auka monaleg.

4. Styrke rettleiarkompetansen i utdanningane med tanke på masteroppgåva

Attåt stort trykk på ordinær mentorutdanning har avdelinga gjennom ulike seminar og møte med praksislærarar og skuleleiarar sett temaet på dagsorden. Ein arbeider m.a. med å avklare rollene mellom praksislærarar og faglærarane ved høgskulen. Det vert vurdert å få inn meir om metode og vitskapsteori i mentorutdanninga for praksislærarane. Samstundes vert det planlagt ei erfaringsbasert masterutdanning med stor relevans for praksisfeltet. Etter kvart tenkjer vi at fleire av praksislærarane sjølve skal ha masterutdanning. Avdelinga har i handlingsplanen for 2019 vedteke at det skal etablerast eit eige emne i UH-pegagogikk om master-rettleiing for alle som får slike oppgåver i MAGLU.

2. Styrke posisjonen som ein framifrå studiestad for yrkesretta medieutdanning

Det er planlagt eit nytt og moderne hus for mediefaga, og det skal vere klart til innflytting i vårsemesteret 2021. I tida framover er det viktig å få til ein god og utviklande prosess der kvaliteten i den daglege drifta vert halden oppe både i byggefasen og når det nye huset vert teke i bruk.

Attraktiviteten til mediefaga i Volda har vore god siste åra, men nasjonalt er søkinga til media generelt på lågare nivå enn tidlegare. Det skjerpar konkurransen om studentane. Studiebarometeret har synt at journaliststudentane er svært nøgde, men elles varierer det ein god del mellom dei ulike programma på avdelinga. Den nye engelskspråklege mastergraden vil våren 2019 uteksaminere dei første kandidatane.

Måleparameter:

1. Bygge om bachelorgradene Medieproduksjon og Mediedesign til to ulike løyper med tydelegare yrkesretning.

Avdelinga står midt i den omlegginga.

2. Utvikle ein innovativ, digital medielab saman med studentane og dei tilsette for at medieutdanninga i Volda skal vere i forkant av den raske utviklinga i bransjen og for å møte behova for digital kompetanse i samfunnet.

Dette vert ein viktig del av det nye huset, men mykje av arbeidet skal gjerast før innflytting.

3. Utvikle nye og vidareutvikle eksisterande samarbeidsprosjekt, praksisutplasseringar og utvekslingsavtalar med bransjeaktørar, mediehus og internasjonale FoU-samarbeid.

Dette vert evaluert i årlege rapportar om studieprogramportefølja og den årlege forskingsmeldinga ved HVO.

3. Ha fagleg fokus på «ferdigheiter for framtida» (Future Skills)

Høgskulen har etablert ei forskingsgruppe på området. Det vert arbeidd aktivt med å finne interessante samarbeidspartar i inn- og utland. Vi opplever ei aukande interesse for desse perspektiva også i arbeidslivet i regionen. Nye dekanar vert tilsette i 2019, og arbeidet med Future Skills vert eit fagleg fellesprosjekt for det nye dekanorpset.

4. Rekruttering og utvikling av toppkompetanse

Høgskulen har alt mange og gode ordningar for tilsette som ønskjer å utvikle kompetansen. Tiltaka for utvikling av toppkompetanse skal halde fram og verte auka i perioden for utviklingsavtalen.

Forskingmeldinga for HVO går detaljert inn på spørsmål som gjeld utvikling av toppkompetanse. I årsrapporten vert det berre presentert nokre få nøkkeltal.

Måleparameter:

Delen førstekompetente og professorar/dosentar – og kvinnedelen mellom professorar og dosentar.

	2010	2015	2017	2018	2021 (mål)
Førstekompetente	44 %	51 %	53 %	52 %	60 %
Professorar og dosentar	12 %	13 %	14 %	13 %	15 %
Kvinnedel av professorar/dosentar	1 %	15 %	24 %	22 %	33 %

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa (Nynorsksenteret) vart etablert i 2005 med Høgskulen i Volda som vertsinstitusjon. Fram til 2017 vart senteret fagleg styrt frå Utdanningsdirektoratet med eigne oppdragsbrev. I 2017 vedtok KD å omorganisere drifta av dei nasjonale sentera, og frå januar 2018 overtok HVO også den faglege styringa av Nynorsksenteret.

Sjølv om rammene rundt drifta er nye, er det overordna oppdraget uendra. Det er å utvikle og formidle læringsressursar for å auke kvaliteten i arbeidet med nynorskopplæring i barnehagen og grunnopplæringa. Den viktigaste målgruppa er barnehage-tilsette og lærarar over heile landet, både der nynorsk er hovudmål og der det er sidemål. Dette er omtala i tildelingsbrevet til høgskulen for 2018. Der er det også presisert at senteret – saman med dei andre fagmiljøa ved HVO – skal støtte lærarutdanningane i arbeidet med kompetanseutviklinga i skulane og barnehagane. Dessutan skal HVO/Nynorsksenteret «ved behov være rådgiver for nasjonale utdanningsmyndigheter innenfor nynorsk».

Organisatorisk har Nynorsksenteret vorte ei sjølvstendig eining ved Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning, på linje med dei fire faginstitutta der. Røynsleane etter det første året er positive. Den fulle integrasjonen i høgskulen har gjeve betre vilkår for gjensidig samarbeid mellom fagtilsette og fagmiljø. Administrativt er det også enklare enn før å få til fellesprosjekt om t.d. fou-arbeid og etterutdanningstilbod.

Hausten 2018 hadde Nynorsksenteret ti tilsette. Det talet har vore stabilt siste fire-fem åra.

Rapportering på bruk av ekstra løyvingar

Midlar tildelte over kap. 226 post 22 – Studentrekruttering GLU 1–7

Høgskulen i Volda (HVO) arrangerte i mars 2018 eit seminar om rekruttering til læraryrket. Her deltok Utdanningsforbundet, skuleeigarar, utdanningsavdelingane i Møre og Romsdal fylkeskommune og hos fylkesmannen, studentar, rådgjevarar og andre.

I 2018 laga vi fire nye filmar for å løfte fram Grunnskulelærarutdanninga 1–7. Desse hadde totalt 86 000 visningar på Facebook og 311 visningar på YouTube. Dette kjem i tillegg til visningane for filmene som vart laga i 2017 – som har hatt totalt 62 638 videovisningar på Facebook og 168 000 visningar på YouTube sidan lanseringa.

Søk i studiekatalogen for MAGLU 1–7 i perioden frå 1. januar til 15. april 2018 viser ein auke på 148 % frå 869 i 2017 til 2157 i 2018.

Søkjartala for 1. prioritets-søklarar per 15. april auka frå 53 i 2017 til 62 i 2018 for MAGLU 1–7 og frå 81 i 2017 til 104 i 2018 for MAGLU 5–10.

Midlar tildelte over kap. 260 post 50 – Nye krav i GLU

Høgskulen i Volda (HVO) ved Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning (AHL) har i 2018 gjennomført to større samlingar med deltakarar frå praksisfeltet. Samlingane har vore nytta til å styrke samarbeidet med praksis-/lærarutdannings-skular og andre team som følgje av dei nye rammeplanane for grunnskulelærarutdanning.

For å styrke den faglege og administrative ressursen har vi tilsett ein rådgjevar i 100 % i ei toårig prosjektstilling for arbeid med MAGLU og koordinering rundt praksis i utdanninga. HVO har i større grad enn før involvert praksislærarar og studentar for å utvikle MAGLU vidare. Midlane har også vore nytta til å ta med deltakarar frå praksisfeltet til NOKUT-samlingar. HVO har nytta delar av midlane til innføring av digital støtte i praksisrettleiing, MOSO.

Midlar tildelte over kap. 281 post 01 – Partnerskapsskular

Høgskulen i Volda (HVO) ved Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning (AHL) har utvikla samarbeid med to lærarutdanningsskular, Øyra skule i Volda og Velle skule i Ørsta. Partnerskapet vart etablert hausten 2018 etter å ha brukt god tid på forankring og utarbeiding av samarbeidsavtale. Avtalane gjer greie for samarbeidsområde, samarbeidsformer, tidsperiode for prosjektet, økonomi og organisering.

Satsinga på lærarutdanningsskular har etablert strukturar som støtte for samskaping. Der er to viktige fora, ei styringsgruppe og eit arbeidsutval med brei deltaking. Vi har også tilsett ein prosjektkoordinator i 50 % stilling med ansvar for å vere bindeledd mellom partane i samarbeidet, skape framdrift og møteplassar og representere denne satsinga i ulike samanhengar.

Arbeidet med lærarutdanningsskulane er ein integrert del i grunnskulelærarutdanninga, og dei to nemnde skulane har vore særleg aktive i arbeidet med å utvikle ny masterutdanning og i HVO si deltaking på NOKUT-samlingane.

Hausten 2018 var det arrangert eit felles seminar for lærarutdannarar frå HVO og tilsette ved lærarutdanningsskulane. Her var det lagt stor vekt på aktiv deltaking for å utvikle nærare samarbeid. Sentrale område så langt har vore m.a. fagretta samarbeid for å styrke praksisopplæringa og vidareutvikling av mentorutdanning for tilsette ved lærarutdanningsskulane.

Forkurs for opptak i grunnskulelærarutdanning

Høgskulen i Volda hadde i år ni studentar på forkurs i matematikk. Åtte gjekk opp til eksamen, og tre fekk godkjent. Vi la

vekt på å følge studentane tett opp undervegs i juli. Vi hadde seks timar undervisning fem dagar i veka dei fire vekene som var tilgjengelege. Undervisninga fann stad lokalt ved HVO. Fleirtalet av studentane møtte på dei fleste av dei oppsette undervisningsøktene. Gjennomføring av eksamenen var utan problem.

Midlar tildelte over kap. 281 post 01 og kap. 226 post 22 – DigiGLU

DigiGLU – Digital kompetanse i lærarutdanning har følgd opp forpliktingane i tildelinga frå KD gjennom å etablere åtte delprosjekt. Dei har alle leiarar med sentrale posisjonar i organisasjonen for å sikre god forankring og drift ut over prosjektperioden. Prosjektet har som mål å vidareutvikle den kritiske og kreative profesjonsfaglege digitale kompetansen (PfdK) til lærarstudentar, tilsette i lærarutdanningane og i praksisfeltet.

Delprosjekt 1: Fagutviklingsgrupper. Delprosjektleiar Synnøve Amdam, seksjon for Digital Kompetanse, AMF.

Alle GLU-fagmiljøa har 30 % undervisningsstilling og 20 % FOU inn i prosjektet frå hausten 2018. Det har vore arbeid med å vidareutvikle PfdK-fokus i faga, inkludert fagbaserte ressursar og læringsdesign.

Delprosjekt 2: PfdK i fag og praksis. Delprosjektleiar Oddvar Aalde, studieleiar GLU/MAGLU.

I 2018 har det vore vekt på studie- og emneplanutvikling, læringspakkar, fagdagar og praksisopplæring så vel som vidareutvikling av ein heilskapleg digital studiekvardag med rom-, ressurs- og utstyrstilgang.

Delprosjekt 3: FoU i PfdK. Delprosjektleiarar: Professorane Rune Krumsvik og Peder Haug.

Alle fagmiljøa har minst 20 % FOU-ressurs i prosjektet. I 2018 har det vore arbeid med ein survey om PfdK i samarbeid med NIFU mellom lærarar i GLU/MAGLU, utviklingsarbeid i form av småskalaforskning, kartleggingsstudiar av praksisfeltet sin digitale status så vel som seminar om «design-based research» og «case-basert» forskning.

Delprosjekt 4: Læringsareal og -utstyr. Delprosjektleiarar: Torbjørn Frantsen og Jarle H. Steffensen, seksjon for digital kompetanse, AMF.

I 2018 handla det særleg om innkjøp av naudsynt utstyr og etablering av distribuerte verkstader ved HVO: Læringsverkstad i biblioteket med mobile einingar og ein «skaparverkstad» knytt til Kunst & Handverk.

Delprosjekt 5: UH-pedkurs i PfdK for lærarutdannarar. Del-

prosjektleiar: Prodekan Anne Øie, studieprogramansvarleg UHped.

I 2018 var det pilotering av emnet HPE205 PfdK for lærarutdannarar (fem stp med 25 studentar).

Delprosjekt 6: Etter- og vidareutdanning i samarbeid med praksisfeltet i PfdK. Delprosjektleiar: Ole Frank Bakken, EVU-koordinator, AHL.

Hovudvekt i 2018 på praksis- og utviklingssamarbeid med kommunane Ulstein, Volda og Ørsta. Gjennomføring av kurs for alle lærarar i Ulstein og Volda og utvikling av kurstilbod med Ørsta.

Delprosjekt 7: Kunnskapsutvikling og -spreiing. Delprosjektleiar: Synnøve Amdam, DigiGLU-prosjektleiar.

Etablering av ein prosjektblogg for regional og nasjonal kunnskapsdeling og spreieing samt deltaking i lokale, regionale, nasjonale og internasjonale fora.

Delprosjekt 8: Digitale ressursar på nynorsk. Delprosjektleiar: Hjalmar Eiksund, Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa.

Her er det lagt vekt på utvikling av ressursar og tenester knytt til vilkår- og produsentperspektivet så vel som brukarperspektiv når det gjeld digitale læringsressursar på nynorsk.

Midlar tildelte over kap. 281 post 45 – Innkjøp, etablering og drift av DAB-sendar til undervisning

HVO fekk i 2018 kr. 500.000,- til prosjektet Innkjøp, etablering og drift av DAB-sendar til undervisning. Prosjektet er av fleire årsaker ikkje fullført. For det eine er ikkje all infrastruktur og tekniske løysingar mot konsesjonshavar Jærradioen på plass. Leveringstida på utstyret var lenger enn vi hadde rekna med. Kostnadene når det gjeld linjeleige etc. går jamt av dei løyvde midla.

Vi har no klarlagt for DAB-sendingar. Utstyret er ordna slik at Studentradioen i Volda og Volda/Ørsta Bygderadio kan kople seg til. Resten av sendenetten vert teke i bruk så snart vi får montert sendar på Helgehornet. Infrastrukturen til dette er for det meste på plass.

Ved utgangen av 2018 har vi brukt vel 100.000,- av tildelinga. Resten vert brukt i 2019 til ferdigstilling og drift av DAB-sendaren.

Høgskulen har også brukt dei kr. 300.000,- som vi fekk løyvd frå Medietilsynet. Til saman har vi per 31.12.18 investert vel 400.000,- til prosjektet Innkjøp, etablering og drift av DAB-sendar til undervisning. Det er ikkje rekna med arbeid (lønsutgifter) i dette.



Del IV: Styring og kontroll i verksemda

Overordna vurdering av styring og kontroll

Samla sett vurderer Høgskulen i Volda at vi har eit system for styring og kontroll som i stor grad er tilpassa risiko, viktighet i sakene og høgskulen sin eigenart.

HVO nyttar mål- og resultatstyring tilpassa verksemda som sitt grunnleggjande styringsprinsipp. Følgjande moment er vurderte i samband med dette:

- om fastsette mål og resultatkrav vert nådde
- om ressursbruken er effektiv
- om lover og reglar vert haldne
- om resultat- og rekneskapsinformasjon er relevant og påliteleg
- om vesentleg styringssvikt, feil og manglar vert avdekte og handterte
- om internkontrollen er dokumentert

Høgskulen i Volda har etablerte system, rutinar og tiltak for internkontroll med vekt på faktorar som går fram av «Bestemmelser om økonomistyring i staten» punkt 2.4. Det vert gjennomført intern kontroll og oppfølging av eventuelle avvik.

Høgskulen har ikkje fått vesentlege merknader frå Riksrevisjonen siste åra.

Mål og resultatkrav vert langt på veg nådde. Ressursbruken er effektiv, og det vert arbeidd aktivt med vidare effektivisering og digitalisering. Lover og reglar vert etterlevde så langt vi kjenner til. Det er ikkje avdekkja vesentlege feil i samband med rapportering av resultat eller rekneskapsinformasjon. Det er ikkje avdekkja vesentleg styringssvikt, feil eller manglar. Ved mindre avvik er dette følgt opp, og det vert gjort tiltak for å hindre at det skjer igjen.

I åra 2017 og 2018 har det vore arbeidd med å auke kompetansen på risikostyring og kvalitetskontroll internt ved høgskulen. I 2018 har mykje av arbeidet vore relatert til problemstillingar knytte til GDPR. Vi har fått på plass handbøker der gjeldande lov- og regelverk samt dokumentasjon av prosessar og rutinar skal ligge samla, vere tilgjengelege og oppdaterte. Ein del av innhaldet i desse er på plass, men det er også mykje arbeid som står att.

Det vert arbeidd godt med risikovurderingar på fleire område, men vi har enno ikkje fått sett dei godt nok i system for samla vurdering på institusjonsnivå.

Framover vil høgskulen prioritere sikring av eit meir heilskapleg og systematisk arbeid med kvalitetskontroll og risikostyring. Det vil gå parallelt med at vi held fram med å dokumentere fleire rutinar. Vi innser at arbeidet på desse felte til no ikkje har vorte prioritert høgt nok. For å få raskare framdrift set vi inn ekstra ressursar på området i 2019. Det er planlagt eit internt seminar for administrative leiarar i mars 2019 med dette som hovudtema.

Arbeidslivskriminalitet

HVO arbeider for å motverke arbeidslivskriminalitet og har etablert rutinar ved tildeling og i oppfølging av inngåtte kontraktar som skal sikre at leverandørane held seg til lover og reglar. Ved inngåing av nye kontraktar krev HVO skatteattest utan merknader. Det vert også henta inn eigenerklæring frå leverandørar av reinhald og vakthald for å førebygge arbeidslivskriminalitet. HVO nyttar innkjøpsavtalar frå Statens Innkjøpscenter der slike er tilgjengelege, og vi bruker Statsbygg sine rammeavtalar for elektrisk kraft.

Vurdert ut frå storleiken til HVO og lokaliseringa i distrikts-Noreg med gjennomslittige forhold, så er etablerte rutinar vurderte som formålstenlege. Resultata av rutineane gjev ingen indikasjon på at leverandørane våre ikkje etterlever lover og reglar.

Samfunnstryggleik og beredskap

ROS-analyser

Høgskulestyret vart orientert om arbeidet med ROS-analyser i april 2018. Det vart presisert at arbeidet er i gang, men at det er naudsynt med systematisk forbetring og oppfølging både på overordna og lokalt nivå. Det er gjennomført ROS-analyser på fleire område, jf. mellom anna styresaker i april og oktober 2018.

I 2018 valde ein å ha fokus på GDPR, og det vart gjennomført ein ROS-analyse der leiarar tok del. Ein tiltaksplan vart vidareformidla til direktør. Leiinga sin gjennomgang var planlagt i mai, men på grunn av personalsituasjonen vart arbeidet ikkje følgt opp då.

HVO hadde tilsyn frå KD 26.11.2018. Temaet var samfunnstryggleik og beredskap. Tilsynet stadfesta at det er behov for ei meir systematisk og heilskapleg tilnærming i arbeidet med ROS-analyser. KD sende oss etterpå eksempel på ROS-analyse gjennomført i Lånkassen som kan vere utgangspunkt for korleis vi legg opp arbeidet vidare. Som nemnt ovanfor set vi inn ekstra ressursar til dette i 2019.

Kriseøvingar

HVO hadde beredskapsøving i samarbeid med Sjømannskirken i desember 2018. Temaet var studentar i utlandet. HVO har som kjent mange på utveksling. Øvinga vart etterpå evaluert av HMS sentral tryggleiksgruppe.

Øvinga syntte tydeleg kor viktig det er å stole på planverket og å bruke det aktivt. Tydeleg leiing og rollefordeling er naudsynt. Det er ynskjeleg at krise- og beredskapsplanverk er tilgjengeleg elektronisk, gjerne via App. Øvinga var alt i alt svært realistisk og nyttig.

Vi har også gjennomført ei øving med telefonstab for krise. Der vart det avdekt behov for ei reell øving for å teste utstyr. Varslingsøving for studentar via SMS er ikkje gjennomført i år, men det har prioritet i 2019. Beredskapsplanverket skal reviderast innan mai 2019.

I samband med studiestart vart eit årleg samarbeidsseminar med politiet gjennomført. I tillegg gjorde vi ei risikovurdering i samband med planlegging av Fadderveka.

Informasjonstryggleik

Dei styrande prinsippa for arbeidet med informasjonstryggleik er i tråd med tilrådingane frå KMD (Handlingsplan for informasjonstryggleik i statsforvaltninga 2015-2017).

Styringssystem for informasjonstryggleik vart vedteke av høgskulestyret i desember 2015. Vi har etablert Sikkerhetsgruppe-IT/drift med høgskuledirektør, personalsjef (CSO), leiar av dokumentssenteret, driftsleiar og IT-leiar.

HVO har lagt stor vekt på å sikre seg mot ekstraordinære hendingar. Vi har fått etablert to datarom med god redundans på lagring av data og datakraft. Vi har òg fått på plass straumaggregat som sikrar straumtilførsel til begge dataroma og anna viktig infrastruktur. Det er utarbeidd tiltakskort for handtering av uventa hendingar.

I 2017 oppretta vi eit eige IRT-team på HVO. Det er knytt opp mot Uninett CERT. Alle medlemene i IRT-teamet har delteke på Uninett sitt kurs: «Digital hendelsehandtering i kunnskapssektoren – dagskurs for oppstart av IRT på egen institusjon».

Høgskulen har lagt vekt på å styrke den interne kunnskapen, kompetansen og kulturen når det gjeld informasjonstryggleik. Vi

har dei siste åra gjennomført nasjonal tryggleiksmånad i oktober i samarbeid med Uninett og NorSIS, og vi har gjennomført nanokurs i informasjonstryggleik. Det er utført risikokartlegging av nettverket vårt av NorCert. Vi har også lagt stor vekt på stadig å informere tilsette via e-post om ulike farar og truslar.

Leiinga sin gjennomgang (LG) viser at vi ikkje har hatt alvorlege avvik/hendingar i 2018. Ho viser også at den informasjonen som IT-kontoret har sendt ut i høve ulike hendingar, har ført til auka medvit om informasjonstryggleik for tilsette.

Det er på gang ein intern revisjon av styringssystemet. I februar 2019 hadde vi Skype-møte med Unit om etablering av ny styringsmodell for informasjonsryggleik og personvern i UH-sektoren.

Lærlingar

Høgskulen i Volda har hatt to lærlingar innafor IKT-faget i mange år. Frå hausten 2016 auka vi med ein lærling i kontor og administrasjonsfaget.

Då denne lærlingen var ferdig sommaren 2018, vart det vurdert å ta inn ein ny i faget. Erfaringa var at vedkomande måtte få praksisen sin på mange ulike avdelingar i fellesadministrasjonen, og det var ikkje alltid like lett å koordinere ei slik ordning ved HVO. Det ser ut til at det heller ikkje er lett å finne arbeid i etterkant for desse lærlingane. Konklusjonen vart at ein heller bør auke talet på lærlingar i IKT-servicefag. Det har vore vurdert om ein bør auke talet endå meir, men ein kom til at det vil vere vanskeleg.

Vi har ikkje funne det tenleg å ta inn lærlingar i andre fag. Lærlingar knytte til for eksempel handverksfag ville meir naturleg høyre heime i Statsbygg som har ansvaret for vedlikehald av bygningar og uteområde.

Høgskulen i Volda er knytt til opplæringskontoret i Møre og Romsdal Fylkeskommune.

Likestilling, mangfald, diskriminering og tilgjengelegheit

Utval for likestilling og mangfald er det sentrale fellesorganet for arbeidet med integrering og inkluderande arbeidsliv. Utvalet ser til at tiltak vert sette i verk og følgde opp.

Statusrapportering etter utgreiingsplikta følgjer malen frå UHR og er vedlegg til denne årsrapporten.

Utviklinga i tal lærlingar frå 2014	31.12.14	31.12.15	31.12.16	31.12.17	31.12.18
Lærling IKT-servicefag	2	2	2	2	3
Lærling kontor og administrasjon	0	0	1	1	0
Sum	2	2	3	3	3



Del V: Vurdering av framtidsutsikter

I høve til landsgjennomsnittet er det i Møre og Romsdal relativt få som har høgare utdanning. God tilgang på slik utdanning i regionen er ein føresetnad for at dette skal bli betre. Utan tvil vil det i overskødeleg framtid vere stor trong for kandidatar frå Høgskulen i Volda. Det gjeld både for vårt eige fylke og landet elles. Mange unge kvinner flyttar frå Nord-Vestlandet, og i det perspektivet er det ei verdifull motvekt at om lag to tredelar av studentane ved Høgskulen i Volda er kvinner.

Kunnskap for framtida

Visjonen vår er kunnskap for framtida. Dermed er det avgjerande for høgskulen å fremje reflekterande læreprosessar tufta på:

- Livslang læring
- Relevant forskning med tilhøyrande omgrep og teoriar
- Kommunikative dugleikar både analogt og digitalt
- Samskaping, kreativitet og likeverd

For å utvikle og formidle kompetanse til eit arbeids- og samfunnsliv i rask endring satsar Høgskulen i Volda særleg sterkt på digitalisering av lærarutdanningane. Det vert gjort både gjennom vidareutdanning av lærarar og gjennom integrering av digital kompetanse i grunnskulemastrane.

Høgskulen ser det som ein sentral del av samfunnsoppdraget å legge til rette for livslang læring. Satsinga på fleksible studium held fram gjennom vidareutvikling og kvalitetsheving i nettstudia, etablering av erfaringsbaserte mastergrader og generell tilrettelegging for at interesserte i ulike livssituasjonar får tilgang til relevant utdanning.

For å kunne møte eit samfunn i rask omstilling skal studentane ved HVO tileigne seg «framtid-dugleik» eller «future skills». Det

omgrepet femner ikkje minst om evner til kompleks problemløysing, kreativitet, samarbeid og kognitiv fleksibilitet. Institusjonen arbeider på ulike nivå med å gjere tydelegare korleis heile verksemda kan få tenlege framtidsperspektiv.

Studentrekruttering

Høgskulen i Volda har eit variert studietilbod med godt omdøme. Studiebarometeret 2018 syner tydeleg framgang frå «botnåret» 2017, men vi må framleis legge mykje kraft i kvalitetsarbeidet. Nøgde studentar med stort læringsutbyte vil vere heilt avgjerande for rekrutteringa framover.

Dei ulike lærarutdanningane utgjer fundamentet for høgskulen, og rekrutteringa til MAGLU vil vere ein kritisk faktor i åra som kjem. Her er satsinga på digital kompetanse eitt av fleire tiltak for å styrke posisjonen som leverandør av attraktive og oppdaterte lærarutdanningar. I samband med dette har vi etablert eit «framtidsklasserom» i biblioteket med digital «læringsverkstad» for både tilsette og studentar.

Høgskulen har store forventningar til det nye mediehuset som vi har planlagt saman med Statsbygg. Med atterhald om regjeringsgodkjenning vert det byggstart i 2019, og vi vonar på innflytting vinteren 2021. Eit slikt nytt hus med topp moderne utstyr vil styrke føresetnadene for å kunne oppretthalde framifrå medieutdanningar som dreg til seg motiverte og dugande studentar frå heile Noreg så vel som frå utlandet.

Høgskulen i Volda har som kjent prioritert ikkje berre å halde på, men også å vidareutvikle dei praktiske og estetiske faga som tidlegare hadde større rom i norsk lærarutdanning. Vi ser konturane av at desse faga vert oppvurderte att i den pågåande fagfornyinga i skuleverket. Det har ein naturleg samanheng med at kunst og kulturfag vert avgjerande for omstilling i samfunnet ved at dei dyrkar framtid-dugleikar som kreativitet, innovasjon

og entreprenørskap. HVO arbeider vidare med korleis vi best kan nytte kompetansen og ressursane i desse faga for å møte behova som melder seg for «future skills». Nye perspektiv kan slik vere med og auke attraktiviteten til studietilboda.

Kompetanse

I kva grad høgskulen klarer å rekruttere gode fagfolk vil vere avgjerande for evna til å nå måla. Vakante stillingar går ut over arbeidstilhøva for dei tilsette, og det vil lett kunne redusere kvaliteten på både studentoppfølging og forskning. På somme av fagområda er det utfordrande for HVO å rekruttere vitskapleg personale med høg kompetanse. For å bøte noko på dette satsar vi mykje på intern kompetanseheving. Det gjer vi både gjennom eigenfinansierte stipendiatstillingar, professor- og dosentstipend og andre støtteordningar. For praksisnære studium er høgskulen aktiv i både nasjonale og internasjonale miljø for å finne relevant og tenleg kompetanse av høg kvalitet.

Forsking og BOA

HVO er godt kjend med forventningane frå styresmaktene om tett samarbeid med arbeidslivet og auka BOA-aktivitet. Vi innser at høgskulen enno ikkje har heva seg til det forventa nivået i så måte. På fleire område har vi manglande kapasitet og delvis erfaring for å nå opp i konkurransen om dei store forskingsmidlane.

Gjeldande strategiplan prioriterer FoU-ressursar til tre strategiske område: Dei nye grunnskulelærer-utdanningane, den nye masterutdanninga i mediefag og PhD-utdanninga. I tillegg skal vi få opp talet på søknader til eksterne finansieringskjelder. Vi har tilsett eigen forskingsleiar, og tiltak som såkornmidlar, forskingsgrupper og meir prosjektstøtte fører til at søknadene aukar både i kvantitet og kvalitet.

Økonomi

Høgskulen i Volda vil dei komande åra ha trongare økonomisk handlingsrom dersom vi ikkje klarer å auke dei eksterne inntektene. Grunnløyvinga har lenge vore låg samanlikna med andre i sektoren. Vi har satsa på livslang læring som no dessverre gjev dårleg utteljing i finansieringssystemet. Samstundes har HVO store investeringsbehov for moderne utstyr og rom til meir studentaktive læringsformer, og vi har fleire utstyrskrevjande fag. Samla sett gjer dette at vi må prioritere hardt og effektivisere for å halde oppe kvaliteten i primæroppgåvene undervisning og forskning.

Unike fortrinn

HVO er ein relativt liten høgskule med kompakt campus der det er liten avstand mellom studentar, fagmiljø og leiing. Denne styrken nyttar vi til å utvikle gode tverrfaglege tilbod som møter aktuelle behov i samfunnet. Digital kompetanse i læring er eitt av fleire døme på vellukka tverrfagleg samarbeid. Dersom vi ikkje klarer å vidareutvikle slikt tverrfagleg samarbeid og ta ut gevinstar ved særpreget vårt, kan det bli utfordrande å halde fram som eigen institusjon i distriktet.

Høgskulen i Volda er ein profesjonsretta skule med hovudoppgåve i å sikre kvalifisert arbeidskraft til regionen. Denne rolla meiner vi det er viktig å ta vare på også i åra som kjem.

Planar for 2019

Mål og planar for 2019 er baserte på strategiplanen for åra 2017–2020. Til kvart verksemdmål har vi definert sentrale delmål og tiltak – og korleis resultatata skal målast. I det følgjande presenterer vi verksemdmål, delmål og styringsparameter for 2019. Fleire av delmåla gjeld for heile strategiperioden.

Sektormål 1 - Høg kvalitet i utdanning og forskning

Verksemdmål 1.1: HVO skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbyte og gjennomstrøyming

Delmål:

- HVO skal styrke den faglege leiinga av utdanningsprogramma
- HVO skal styrke den pedagogiske kompetansen til fagtilsette
- HVO skal styrke studiekvaliteten
- HVO skal forbetre gjennomstrøyminga
- HVO skal gjere digital kompetanse og formidling relevant for alle fagområde

Styringsparametrar	Resultat			Ambisjon
	2016	2017	2018	2019
Skår på korleis studentane oppfattar studiekvaliteten	4,1	3,7	3,9	4,1
Fagleg tidsbruk (timar) per veke blant heiltidsstudentar	29	30	28	35
Del bachelorkandidatar gjennomført på normert tid	65 %	55 %	62 %	65 %
Del masterkandidatar gjennomført på normert tid	17 %	15 %	27 %	30 %
Tal primær søkerar i samordna opptak	1162	1260	1349	1 400
Tal kvalifiserte primær søkerar per studieplass	1,4	1,4	1,5	1,6

Verksemdmål 1.2: HVO skal styrke forskingsaktiviteten og auke den vitenskaplege publiseringa

Delmål:

- HVO skal auke talet på publiseringspoeng med 5 % pr fagleg tilsett
- HVO skal auke talet på søknader til nasjonale og internasjonale finansieringskjelder

Styringsparametrar	Resultat			Ambisjon
	2016	2017	2018	2019
Tal publikasjonspoeng pr fagleg tilsett	0,49	0,51	Ca 0,4*	0,5
Tal på søknader til nasjonale og internasjonale finansieringskjelder	-	-	-	5

* Førebelse tal

Verksemdmål 1.3: HVO skal ha eit målretta internasjonalt samarbeid som aukar kvaliteten i utdanningane og FoU-arbeidet

Delmål:

- HVO skal vere mellom dei beste i landet på studentutveksling
- HVO skal stimulere til nasjonalt og internasjonalt forskings- og utviklingsarbeid

Styringsparametrar	Resultat			Ambisjon
	2016	2017	2018	2019
Del utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av det totale studenttalet	0,9 %	0,9 %	1,2 %	1,0 %
Verdien av Horisont 2020-kontraktar pr FOU-årsverk	-	-	-	5
Verdien av EU-midlar totalt i 1000 kr	1317	292	249	500
Tildeling frå EU pr fagleg årsverk (i 1000 kr)	6,4	1,4	1,0	2,1
Tal på utvekslingsstudentar - inn og utreisande	227	249	233	250

Sektormål 2 - Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling

Verksemdmål 2.1: HVO skal ha ei studieportefølje som er relevant for samfunnsutfordringane i framtida

Delmål:

- HVO skal sikre arbeidslivsrelevans i alle utdanningane
- HVO skal satse på digitale læringsprosessar i skulen

Styringsparametrar	Resultat			Ambisjon
	2016	2017	2018	2019
Del masterkandidatar sysselsette i relevant arbeid eit halvt år etter fullført utdanning (2015: 94 %)	-	86 %	-	95 %
Registrerte studentar på emna innafor digital kompetanse i lærarutdanning (DigiGLU)	-	164	226	220

Verksemålmål 2.2: HVO skal vere ein attraktiv samarbeidspartnar for utvikling, innovasjon og verdiskaping

Delmål:

- HVO skal auke bidrags- og oppdragsinntektene
- HVO skal samarbeide aktivt med arbeidslivet både regionalt og nasjonalt

Styringsparametrar	Resultat			Ambisjon
	2016	2017	2018	2019
Bidragsinntekter frå NFR pr fagleg årsverk	13	11	12	15
Andre bidrags- og oppdragsinntekter pr fagleg årsverk	98	99	94	111

Verksemålmål 2.3: HVO skal ta aktivt del i samfunnsdebatten regionalt og nasjonalt

Delmål:

- HVO skal stimulere til kunnskapsdeling og dialog i tilknytning til utdannings-, formidlings- og forskingsverksemda

Styringsparameter	Resultat			Ambisjon
	2016	2017	2018	2019
Interne FoU-poeng pr fagleg årsverk	34	28	-	35

Sektormål 3 - God tilgang til utdanning

Overordna styringsparametrar	Resultat			Måltal
	2016	2017	2018	2019
Kandidattal på (helse- og) lærarutdanningane	215	202	248	199
Kandidattal GLU 5-10	20	38	29	29
Kandidattal GLU 1-7	20	25	21	43
Kandidattal BLU	54	62	112	59
Kandidattal PPU	60	77	85	68

Verksemdmål 3.1: HVO skal vere god på fleksible utdanningar som kan takast uavhengig av tid, stad og livsfase

Delmål:

- HVO skal vere mellom dei fremste i landet på e-læring
- HVO skal utvikle erfaringsbaserte masterutdanningar
- HVO skal gjere utdanning tilgjengeleg for dei som ikkje har høve til å studere på heiltid

Styringsparameter	Resultat			Ambisjon
	2016	2017	2018	2019
Tal studentar på nett- og desentralisert undervisning	1019	1286	1110	1 200

Verksemdmål 3.2: HVO skal styrke Volda som regional studiestad

Delmål:

- HVO skal i samarbeid med Studentsamskipnaden i Volda vidareutvikle eit kompakt høgskuleområde med nærleik mellom studentar, tilsette og arbeidslivet

Sektormål 4 – Effektiv, mangfaldig og solid høgare utdanningssektor og forskingsystem

Verksemdmål 4.1: HVO skal ha ein tydeleg profil og vidareutvikle samarbeidet med andre UH-institusjonar

Delmål:

- HVO skal arbeide kontinuerleg med strategisk utvikling av studieportefølja
- HVO skal med utgangspunkt i strategiplanen greie ut muligheiter og utfordringar ved å halde fram som ein mindre, skarpt profilert høgskule eller forpliktande samarbeid med andre institusjonar i UH-sektoren

Verksemdmål 4.2: HVO skal arbeide for eit høgt kompetansenivå og eit godt arbeidsmiljø

Delmål:

- HVO skal arbeide for at 60 % av fagstaben har førstekompetanse før 2021
- HVO skal doble talet på kvinner i faglege toppstillingar før 2021
- HVO skal ha tilstrekkeleg toppkompetanse for studieprogramma vi tilbyr

Styringsparametrar	Resultat			Ambisjon
	2016	2017	2018	2019
Del kvinner i dosent- og professorstillingar (KD)	19 %	24 %	22 %	26 %
Del mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar (KD)	13 %	12 %	17 %	10 %
Tal studiepoeng per fagleg årsverk (KD)	700	696	641	650
Del førstestillingar av totalt tal undervisnings- og forskingsstillingar	52 %	53 %	52 %	55 %
Del kvinner av tilsette med førstekompetanse	39 %	41 %	40 %	45 %
Gjennomsnittlig sjukefråvær per år	4,4 %	4,7 %	5,8 %	4,3 %

Verksemdmål 4.3: HVO skal effektivisere drifta

Delmål:

- HVO skal vere mellom dei mest kostnadseffektive i sektoren

Styringsparametrar	Resultat			Ambisjon
	2016	2017	2018	2019
Driftskostnader per avlagd 60-studiepoengeining	141	142	146	145
Tilhøvet mellom tilsette i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar og talet på administrative stillingar	2,2	2,2	2,7	2,5

Større byggeprosjekt

Høgskulen har samarbeidd godt med Statsbygg om planane for eit nytt mediehus som kuranprosjekt. Kontrakt er signert med hovudentreprenøren, og vi vonar på regjerings-godkjenning med det første. Deretter satsar vi på god framdrift slik at huset kan takast i bruk vinteren 2021.

Budsjettrammer 2019 – Løyvingsfinansiert verksemd

Høgskulen i Volda har hatt ein intern neddelingsmodell som har vore nytta sidan 2007 med mindre justeringar. Det har vore eit viktig prinsipp å ta omsyn til kva som genererer innstraumen av midlar – som då også internt fordeler til desse aktivitetane. Slik vil ein sikre at naudsynte drøftingar kan kome så tidleg som råd og hindre at ein over tid opparbeider ubalanse mellom tildelinga til HVO og intern fordeling. Styret vurderer likevel satsingsmidlar til spesielle fagområde. Modellen vart evaluert i 2018 og vart vedteken vidareført med nokre endringar i styresak 54/18.

Største endringa er at det frå 2019 er sett grenser for kor mykje av mindreforbruket som kan overførast til neste budsjettår, og frå 2020 er det sett tak for kor store akkumulerte avsetningar som kan ligge på avdelingane og fellesadministrasjonen. Høgskulestyret disponerer midlane som vert inndregne.

Dei overordna målsetjingane for budsjettfordelingsarbeidet er at modellen:

- stimulerer til måloppnåing
- stimulerer til at vi får balanse mellom korleis vi vert finansierte og den interne ressursdisponeringa
- gjev planleggings- og handlingsrom i ein desentralisert struktur
- skaper vilkår for høgskulestyret og leiinga til å styre på eit overordna nivå - mellom anna ved at utfordringane vert gjort synlege
- i størst mogleg grad er gjennomsynleg og påreknleg, og at han slik skal kunne akseptertast i heile institusjonen

Budsjettet for 2019 vart vedteke i sak 102/18 i styremøtet 6. desember 2018. Disposisjonsbudsjettet inkluderer også særskilte satsingar og midlar til rekrutteringsstillingar. Ein del av satsingane er prosjektførte og sette opp samla i tabellen nedanfor.

Budsjett 2019 - Tal i 1.000 kroner	Fordelt løyving	Disposisjonsbudsjett	Budsjettert avvik
Avdeling for kulturfag	24 875	24 875	0
Avdeling for samfunnsfag og historie	52 872	56 995	-4 123
Avdeling for mediefag	37 497	39 396	-1 899
Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning	84 165	87 321	-3 156
Fellesadministrasjonen og felleskostnader	130 300	131 386	-1 086
Ikkje fordelte kostnader inkl. lønnsoppgjør 2019	4 500	4 500	0
Prosjektførte midlar	15 166	15 166	0
Investeringsmidlar	11 432	12 532	-1 100
Totalt	360 807	372 171	-11 364

Del VI: Årsrekneskap 2018

Årsrekneskap 2018 - leiingskommentar

Formål

Høgskulen i Volda er høgskulen for human- og samfunnsvitenskapane i regionen og skal vere nasjonalt leiande i yrkesretta medieutdanning, nynorsk i utdanning, forskning og formidling og fleksible vidareutdanningstilbod. Institusjonen skal gi fag- og profesjonsutdanningar for samfunnsutvikling, skule og barnehage, velferd, media og kultur.

Stadfesting

Rekneskapen gir eit dekkande bilete av den økonomiske verksemda i samsvar med regelverk om økonomistyring i staten, rundskriv frå Finansdepartementet og krav frå Kunnskapsdepartementet. Rekneskapen er registrert etter gjeldande prinsipp i den statlege rekneskapsstandarden (SRS) og presentert etter rekneskapsmal for UH-sektoren.

Revisor

Revisor for Høgskulen i Volda er Riksrevisjonen.

Vurdering av drift i perioden

Frå 1.1.2018 er Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa (Nynorsksenteret) ein del av HVO. Senteret er lagt under Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning. I 2018 har det også vore ei omorganisering av Avdeling for mediefag, der ein har innført instituttstruktur. Mediemiljøa ved HVO er no samla på denne avdelinga.

Vesentlege avvik mellom periodisert resultatbudsjett og resultatrekneskap

Driftsresultat for 2018 viser eit overskot på 11,5 mill. kroner mot eit budsjettert underskot på 3,7 mill. kroner.

Driftsinntektene er 9,0 mill. kroner høgare enn budsjettert (2,3%). Avviket skuldast høgare løyving og høgare studentrelaterte inntekter enn budsjettert. Prosjektet DigiGLU vart starta opp i 2018, skal gå over tre år og vi har per 31.12.18 mottatt løyving for dei første to åra (vel 9 mill. kroner). Av mottatt løyving skal 4,6 mill. kroner nyttast i 2019. Det var budsjettert med ein reduksjon i studieavgiftene i 2018 samanlikna med 2017, men denne ser først ut til å kome i 2019. I tillegg er andre studentrelaterte inntekter for lågt budsjettert i 2018.

Kostnadene viser eit mindreforbruk samanlikna med budsjett på totalt 6,2 mill. kroner (1,6%). Avviket er delt på lågare avskrivningar enn budsjettert (-1 mill. kroner), lågare løn og sosiale kostnader (-2,9 mill. kroner) og mindreforbruk på andre driftskostnader (-2,3 mill. kroner).

Mindreforbruket på løn kjem av vakansar gjennom året og eit høgare sjukefråvær enn det som vart budsjettert. HVO hadde ei evaluering av organisering av fellesadministrasjonen i 2018 i tillegg til at det vart innført ny organisering i Avdeling for mediefag. Nokre av tilsetjingane vart dermed utsette til framtidig organisering var klar.

BOA-inntektene i 2018 utgjer 24,8 mill. kroner, noko som er ein auke på 1,2 mill. kroner frå 2017.

Høgskulen i Volda

Postboks 500
6101 Volda
Telefon: 70 07 50 00

Besøksadresse:
Joplassvegen 11
6100 Volda

postmottak@hivolda.no
www.hivolda.no

Utvikling i avsett del av tilskot til løyvingfinansiert verksemd

HVO hadde ved utgangen av 2018 bokført avsette midlar på løyvingfinansiert verksemd på 86,6 mill. kroner. Avsetningane har auka med 11,5 mill. kroner i 2018.

I samband med bygging av nytt mediehus er det estimert eit behov for ombygging av undervisningsrom i lokale som mediefaga flyttar ut av. Dette vil måtte gjerast når mediehuset er tatt i bruk, slik at vi har tilgang til erstatningslokale i ombyggingsperioden. Plan per i dag er at dette skal skje i 2021. Midlar til ombygging er estimert til 25 mill. kroner og i årsrekneskapen for 2018 er desse midlane flytta frå midlar knytt til ordinær drift til investeringsmidlar, jf. tabellen nedanfor.

Frå 2019 er det også sett tak på kor mykje av tildelte midlar som kan overførast til neste år på avdelingsnivå og frå 2020 er det sett tak på kor høge avsetningar som kan ligge på dei ulike avdelingane ved utgangen av året. Midlar som overstig desse nivåa vil disponerast av styret.

AVSETNING LØYVING HVO MILL. KR	31.12.14	31.12.15	31.12.16	31.12.17	31.12.18	Til inv. midlar	31.12.18
Nynorsksenteret	3,0	0,7	0,5	0,4	-	-	-
Øyremerkte midlar Udir / KD	0,8	2,6	0,6	8,4	12,6	-	12,6
Midlar v/avdelingane og fellesnivået	20,9	29,0	36,1	44,3	48,4	-25,0	23,4
Kompetanse og satsingsmidlar	11,4	14,8	18,7	17,2	18,3	-	18,3
Stipendiatstillingar	1,0	2,2	2,8	2,4	4,5	-	4,5
Investeringsmidlar	2,6	2,4	-1,7	0,9	2,0	25,0	27,0
Sentrale buffermidlar	-0,5	2,4	1,2	1,6	0,8	-	0,8
Totalt	39,2	54,1	58,3	75,1	86,6	11,5	86,6

Høgskuleleiinga og styret følgjer nøye med utviklinga i avsetningar.

Investeringar i perioden og planlagde investeringar framover

Det er til saman investert for 13,8 mill. kroner i 2018. Totalt var det planlagt investeringar for vel 15,5 mill. kroner i år der 3 mill. kroner skulle takast frå tidlegare års avsetningar.

Framover (frå 2020) ser vi eit stort behov for investeringsmidlar både knytt til inventar i mediehuset, oppgradering av utstyr i medieutdanningane samt ei ombygging av undervisningslokale i Strøm for å få fleire undervisningsrom tilpassa nye læringsformer. Avsetningane vil vere ein del av finansieringa.




Johann Roppen




Jens Standal Groven



Tor-Johan Ekeland



Janne Heggvoll



Kjell-Einar Dagfinrud



Tormod Malvin Sæther



Sara Breivik Bergland



for **Nils Peter Skeide**



Inger Østensjø



Terje Heggem



for **Kristin Marie Sørheim**

Prinsippnote – SRS – Høgskulen i Volda

Generelle regnskapsprinsipper

Regnskapet er utarbeidet og avlagt i samsvar med de Statlige Regnskapsstandardene (SRS) og etter de nærmere retningslinjene som er fastsatt for forvaltningsorganer med fullmakt til bruttoføring utenfor statsregnskapet i Bestemmelser om økonomistyringen i staten av 12. desember 2003 med endringer, senest 5. november 2015. Regnskapet er avlagt i henhold til punkt 3.4 i Bestemmelser om økonomistyringen i staten og retningslinjene i punkt 6 i Finansdepartementets rundskriv R-115 med Kunnskapsdepartementets tilpasninger for universitets- og høyskolesektoren. Alle regnskapstall er oppgitt i 1000 kroner dersom ikke annet er særskilt opplyst.

Anvendte regnskapsprinsipper

Inntekter

Tildelinger uten motytelse eller med utsatt motytelse er behandlet etter bestemmelsene i SRS 10 og sammenstilt med de tilsvarende kostnadene (motsatt sammenstilling). Ordinære driftsbevilgninger fra Kunnskapsdepartementet er med mindre annet ikke er særskilt angitt, å anse som opptjent på balansedagen. Dette innebærer at slike bevilgninger fra Kunnskapsdepartementet er presentert i regnskapet i den perioden midlene er bevilget. Bevilgninger til ordinær drift som ikke er benyttet på balansedagen, er klassifisert som forpliktelse og ført opp i avsnitt C II Avregninger i del C Statens kapital i balanseoppstillingen. Bevilgninger som gjelder særskilte tiltak og som ikke er benyttet på balansedagen, er klassifisert som forpliktelse og presentert i avsnitt C IV i balanseoppstillingen. Dette gjelder også bevilgningsfinansiert aktivitet hvor det er dokumentert at midlene av bevilgende myndighet er forutsatt benyttet i senere terminer. Bidrag og tilskudd fra statlige etater og tilskudd fra Norges forskningsråd samt bidrag og tilskudd fra andre som ikke er benyttet på balansedagen er klassifisert som forskudd og presentert som ikke inntektsførte bidrag i avsnitt D III Kortsiktig gjeld i balanseoppstillingen. Tilsvarende gjelder for gaver og gaveforsterkninger.

Inntekter som forutsetter en motytelse er behandlet etter bestemmelsene i SRS 9 og er resultatført i den perioden rettigheten til inntekten er opptjent. Slike inntekter måles til verdien

av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntekter fra salg av tjenester anses som opptjent på det tidspunktet krav om vederlag oppstår.

Kostnader

Kostnader ved virksomhet som er finansiert av bevilgninger eller midler som skal behandles tilsvarende, er resultatført i den perioden kostnaden er pådratt eller når det er identifisert en forpliktelse.

Kostnader som vedrører transaksjonsbaserte inntekter er sammenstilt med de tilsvarende inntekter og kostnadsført i samme periode. Prosjekter innen oppdragsvirksomhet er behandlet etter metoden løpende avregning uten fortjeneste. Fullføringsgraden er målt som forholdet mellom påløpte kostnader og totalt estimerte kontraktskostnader.

Tap

Det er ikke foretatt en generell vurdering knyttet til latente tap i aktive oppdragsprosjekter. Eventuelle tap konstateres først ved avslutning av prosjektet og er som hovedregel kostnadsført når en eventuell underdekning i prosjektet er endelig konstatert. For aktive prosjekter hvor det er konstatert sannsynlig tap, er det avsett for latente tap.

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld omfatter poster som faller til betaling innen ett år etter anskaffelsestidspunktet, samt poster som knytter seg til varekretsløpet. Øvrige poster er klassifisert som anleggsmiddel/langsiktig gjeld. Fordringer er klassifisert som omløpsmidler hvis de skal tilbakebetales i løpet av ett år etter utbetalingstidspunktet.

Omløpsmidler er vurdert til det laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Aksjer og andre finansielle eiendeler

Aksjer og andre finansielle eiendeler er balanseført til historisk anskaffelseskost på transaksjonstidspunktet. Aksjer og andeler som er finansiert av overskudd av eksternt finansiert oppdragsaktivitet, har motpost i Opptjent virksomhetskapital. Dette gjelder både langsiktige og kortsiktige investeringer.

Mottatt utbytte og andre utdelinger er inntektsført som annen finansinntekt. Når verdifallet ikke er forventet å være forbigående, er det foretatt nedskrivning til virkelig verdi.

Varige driftsmidler

Varige driftsmidler er vurdert til anskaffelseskost og avskrives over driftsmidlets forventede levetid, men nedskrives til virkelig verdi ved verdifall som ikke forventes å være forbigående. Varig driftsmidler balanseføres med motpost Statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler.

Forpliktelsen som etableres på investeringstidspunktet oppløses i takt med avskrivningene og utligner dermed resultatvirkningen av avskrivningene.

Ved realisasjon/avgang av driftsmidler resultatføres regnskapsmessig gevinst/tap. Gevinst/tap beregnes som forskjellen mellom salgsvederlaget og balanseført verdi på realisasjonstidspunktet. Resterende bokført verdi av forpliktelse knyttet til anleggsmiddelet på realisasjonstidspunktet er vist som Utsatt inntekt fra forpliktelse knyttet til investeringer, bokført verdi avhendede anleggsmidler i note 1.

For eiendeler som inngår i åpningsbalansen er bruksverdi basert på gjenanskaffelsesverdi lagt til grunn for verdifastsettelsen, mens virkelig verdi benyttes når det gjelder finansielle eiendeler. Ved fastsettelse av gjenanskaffelsesverdi er det tatt hensyn til slit og elde, teknisk funksjonell standard og andre forhold av betydning for verdifastsettelsen. For tomter, bygninger, infrastruktur er gjenanskaffelsesverdien dels basert på estimater utarbeidet og dokumentert av virksomheten selv, og dels på kvalitetssikring fra og verdivurderinger utarbeidet av uavhengige tekniske miljøer. Verdi knyttet til nasjonaleiendom og kulturminner, samt kunst og bøker er i utgangspunktet ikke inkludert i åpningsbalansen. Slike eiendeler er inkludert i den grad det foreligger en reell bruksverdi for virksomheten. Finansieringen av varige driftsmidler, som er inkludert i åpningsbalansen for første gang, er klassifisert som en langsiktig forpliktelse. Denne forpliktelsen løses opp i takt med avskrivningen på de anleggsmidler som finansieringen dekker

For omløpsmidler, kortsiktig gjeld samt eventuelle øvrige forpliktelser som inkluderes i åpningsbalansen, er virkelig verdi benyttet som grunnlag for verdifastsettelsen.

Immaterielle eiendeler

Eksternt innkjøpte immaterielle eiendeler er vurdert til anskaffelseskost og avskrives over driftsmidlets forventede levetid, men nedskrives til virkelig verdi ved verdifall som ikke forventes å være forbigående. Immaterielle eiendeler er balanseført med motpost Statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler.

Forpliktelsen som etableres på investeringstidspunktet oppløses i takt med avskrivningene og utligner dermed resultatvirkningen av avskrivningene.

Fordringer

Kundefordringer og andre fordringer er oppført i balansen til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap er gjort på grunnlag av individuelle vurderinger av de enkelte fordringene.

Pensjoner

De ansatte er tilknyttet Statens Pensjonskasse (SPK). Det er lagt til grunn en forenklet regnskapsmessig tilnærming, og det er ikke foretatt beregning eller avsetning for eventuell over- eller underdekning i pensjonsordningen. Årets pensjonskostnad tilsvarer årlig premie til SPK.

Valuta

Pengeposter i utenlandsk valuta er vurdert etter kursen ved regnskapsårets slutt.

Virksomhetskapital

Universiteter og høyskoler kan bare opptjene virksomhetskapital innenfor sin oppdragsvirksomhet. Deler av de midlene som opptjenes innenfor oppdragsvirksomhet kan føres tilbake til og inngå i virksomhetens tilgjengelige midler til dekning av drift, anskaffelser eller andre forhold innenfor formålet til institusjonen. Midler som gjennom interne disponeringer er øremerket slike formål, er klassifisert som virksomhetskapital ved enhetene.

Kontantstrøm

Kontantstrømpoppstillingen er utarbeidet etter den direkte metode tilpasset statlige virksomheter.

Kontoplan

Standard kontoplan og Kunnskapsdepartementets anbefalte føringskontoplan for virksomheter i universitets- og høyskolesektoren er lagt til grunn.

Selvassurandørprinsipp

Staten er selvassurandør. Det er følgelig ikke inkludert poster i balanse eller resultatregnskap som søker å reflektere alternative netto forsikringskostnader eller forpliktelser.

Statens konsernkontoordning

Statlige virksomheter omfattes av statens konsernkontoordning. Konsernkontoordningen innebærer at alle bankinnskudd/utbetalinger daglig gjøres opp mot virksomhetens oppgjørskontoer i Norges Bank.

RESULTATREGNSKAP (tall i 1.000 kr)	Note	2018	2017
Driftsinntekter			
Inntekt fra bevilgninger	1	359 075	351 173
Inntekt fra tilskudd og overføringer	1	20 290	21 361
Salgs- og leieinntekter	1	18 147	15 589
Andre driftsinntekter	1	354	154
Sum driftsinntekter		397 866	388 277
Driftskostnader			
Lønnskostnader	2	262 920	252 050
Avskrivninger på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	4,5	9 633	10 334
Andre driftskostnader	3	113 827	108 935
Sum driftskostnader		386 380	371 319
DRIFTSRESULTAT		11 486	16 958
Finansinntekter og finanskostnader			
Finansinntekter	6	23	9
Finanskostnader	6	7	1 219
Sum finansinntekter og finanskostnader		16	-1 210
RESULTAT AV PERIODENS AKTIVITETER		11 502	15 748
Avregninger og disponeringer			
Avregning bevilgningsfinansiert aktivitet (nettobudsjetterte)	15 I	-11 479	-17 003
Disponering av periodens resultat (til virksomhetskapskapital)	8	-23	1 255
SUM AVREGNINGER OG DISPONERINGER		-11 502	-15 748

BALANSE - EIENDELER (tall i 1.000 kr)	Note	31.12.2018	31.12.2017
A. Anleggsmidler			
I Immaterielle eiendeler			
Programvare og lignende rettigheter	4	2 181	2 616
Sum immaterielle eiendeler		2 181	2 616
Varige driftsmidler			
Maskiner og transportmidler	5	340	468
Driftsløsøre, inventar, verktøy og lignende	5	34 361	29 633
Sum varige driftsmidler		34 701	30 101
Finansielle anleggsmidler			
